

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Juni 2018

Innhald i dette nummeret:

Vismannen talar	2
Leiaren har ordet	3
Olav H. Hauge og Hardanger	6
Berre drikk du! Eg kan venta	13
Dikt av Olav H. Hauge i aviser og tidsskrift før debuten	15
Lokalt pedagogisk arbeid om Olav H. Hauge og diktinga hans	16
Olav H. Hauge som forfattar av sakprosa	19
Kvardag og høgtid i Olav H. Hauge si dikting	21
Andreas Bjørkum om Hardingmålet	23
Mitt Hauge-dikt	26
Makter og menneske	29
Korea	30
Omsette dikt	31
Poesi og musikk i Ulvik	32
Tilgang til boklista for boksamlinga etter Olav H. Hauge	33
Seljefløyta kom ut etter åtti år	34
Styret og kontaktadresser	36



Livet er fullt av lygn og rot, seier vismannen. Han skreiv det for lenge sidan. Me trur kanskje at no er me så langt komne innan kunnskap og informasjonsflyt at me er meir opplyste enn folk nokon gong har vore. Mon det.

Aldri har utvekslinga av ord mellom folk vore større enn no. Internettet og all verdas sosiale medium spyr ut tankar og idear i meir og mindre velvalde ordelag. Fake news, ropar verdas mektigaste mann. Han vil ha det til at dei som meiner noko anna enn han sjølv, fer med usanning.

I den politiske diskusjonen, både heime og ute, synest det vera viktigast å vinna debatten der og då. Å prøva å sjå ei sak frå fleire sider, vega argument for og imot og så dra ein konklusjon, synest vera ein passé måte å drøfta ei sak på.

No er det fleire gonger så mange PR-folk tilsette i offentlege etatar og bedrifter i landet, som det er journalistar. PR-folka fer ikkje med usanning, men dei er betalte for å presentera ein budskap på ein måte som først og fremst tener oppdragsgjevaren. Då er det ikkje sikkert at dei kjem med heile sanningi.

Alle som skal vera med og styra eit samfunn, må basera seg på kunnskap. Fordomar og kunnskapsløyse er truleg største trugsålet mot demokratiet i vår del av verda. Kva som er rett og gale, sant og usant, det ligg ikkje alltid klart oppi dagen.

Olav H. Hauge var ein klok mann - ein tenkte mann, seier dei i Hardanger - og han peika på at me må ta tanken til hjelp, den er eit blakrande ljøs for vår snåvande fot.

DU SKAL IKKJE TRU

Du skal ikkje tru det skrivne og ikkje alt som er sagt.

Dåren har ofte tala, og mang ein vismann har tagt.

Ingen ting skal du godtaka utan rimeleg grunn, for ovtrui veks å nyo av sin rothogde grunn.

Verdi er mørk, og livet er fullt av lygn og rot. Tanken er blakrande ljøset for vår snåvande fot.

Frå GLØR I OSKA (1946)

Det er stendig liv i minnet om Olav H. Hauge og diktarverket hans. Våren 2018 kom ei samling med namnet «Seljefløyta», dikt som ikkje har vore med i tidlegare utgåver av *Dikt i Samling*. Bodil Cappelen, som har samla dikta, har og skrivne eit foreord. Mange av dikta, men ikkje alle, er frå den diktsamlinga Olav sende til forlaget i 1938, og som vart refusert. Nokre dikt har vore trykte i ulike blad og skrift, men einskilde dikt har aldri før vore trykte. *Seljefløyta* er meld i Dag og Tid 23. mars og i Aftenposten 15. april. Meldarane peiker på at dikta er ulike, og Aftenposten er kritisk til at dikta er for ujamne, medan Dag og Tid er positiv til at boka gjer disse dikta lettare tilgjengelege og at diktsamlinga er nyttig for å skjønna diktarverket til Hauge. Aftenposten har i same nummer ved sida av bokmeldinga ei fin oversikt over forfatterskapen til Hauge med lesarråd.

At det vil vera ulike syn på dikta til Hauge, er ikkje uventa, ikkje minst når ein tek fram lite kjende dikt. Det er slik eg ser det, fint at forlaget gir ut desse dikta slik at det ikkje berre er forskarar og særleg interesserte som kan finne og lese disse dikta. Og dei som er glade i Olav H. Hauges lyrikk, kan tåla å lesa ei samling med ujamne dikt. Så er det vel slik at meininga om kva for dikt som er svakare enn dei andre, ikkje er samrøystes. Ikkje alle vil vere samde med bokmeldaren i Aftenposten, Ingunn Økland, om dei dikta som framhevar seg.

I *Seljefløyta* er det nokre dikt som er klårt knytte til heimbygda. Eit slikt er «Sumarmorgon i Ulvik». Det er eit dikt som skildrar naturen i Ulvik i sterkt rosande ordelag. Ulvik er i vakker bygd, og dette set merke på Ulvik-folk, og dette diktet syner at det ikkje er noko unnatak for Olav H. Hauge. Han tykkjer heimbygda er vakker og er stolt av det. Diktet er frå 1938, og har slik eg har høyrte det, vore kjent og framført i

høgtidsstunder i Ulvik. Diktet er på heile 10 vers. Dei to siste linene i vers 8 trekker fram at alt ikkje er som på ein solrik sumardag; «Men her var trongt, og svart vintar frøyser meir is kan hende enn ein vårdag løyser». Så ikkje alt var lett, heller ikkje for Olav, og Aftenposten finn desse orda klaustrofobiske, og det var moglege meininga og for forfattaren.

Eit anna døme på dikt frå Ulvik er diktet «Bygdeklokkaren» frå 1944. I Hauge-biografien til Knut Olav Åmås *Mitt liv var draum* frå 2004 er diktet omtala på side 29. Her skriv Åmås: «Han (OHH) har lærarar som gjer inntrykk på han. Ein av dei er Torbjørn Ljones, klokkaren i bygda, han er som ein vismann å sjå til. Bygda er blitt for trong for Ljones der han underviser snørrete ungar og syng i gravferdene til dei døde når han helst «tenkte på åndsliv og saga» og er glad i ein fest. Ein slik ein set spor og skriv seg inn i hjarta til folk, iallfall i eitt. (Olav H. Hauge).»

Diktet kan lesast som uttrykk for at Olav H. Hauge ville reisa eit fint minnesmerke over Torbjørn Ljones, men at det og er omtale av nokre av livets skuggesider. Eg er vel ikkje habil i vurderinga av diktet, sidan Torbjørn Ljones var min farfar. Bestefar, som var frå Strandebarm, kom til Ulvik omkring 1913 saman med si lærarkone Sunniva, fødd Hauge frå Lærdal. (Sunniva 1883-1925, var frå eit anna Hauge-bruk enn far til Olav H. Hauge - Håkon. (Sjå Venelagshftet våren 2015)). Det var nok eit særmerkt lærarpar som kom til Ulvik dette året. Om Sunniva skreiv presse mannen Anton Beinset i Dagbladet i 1962 ein levande artikkel om ho som lærte han å lesa. (Sunniva var etter lærarskulen på Stord i 1906 lærar i Aukra i Romsdal.) «Ho kom med noko nytt til vår bygd med ei ny ånd. Det var folkehøgskolen som bles inn over bygda for første gong. Ho lærte meg å lese. Ho lærte meg å skjønne det



Lærarparet Sunniva og Torbjørn Ljones.

eg las. So kom Sunniva Hauge og tok til å tala til meg om bøker, og det er eg glad for. Og så fekk ho meg til å synes at den boka var ikkje god, og den var ikkje god, men *den* var god. Ho fekk meg til å skjønne musikken i språket eller disharmonien i språket, om språket var godt eller ikkje godt, ho fekk meg til å bli kresen når det gjaldt språk.....Eg fekk augo å sjå med og øyro til å høyre med og etter kvart eit sinn som dikta til eller dikta vidare sjølv,» (Anton Beinset 1894-1963, presseemann og skribent frå Beinset i Midsund).

Eg har tatt med disse orda av di dei set opp krav og råd til korleis god undervisning i norsk og litteratur bør innrettast – og at ein må setja høge mål, slik både Bygdeklokkaren og kona gjorde når dei tala til ungdommen.

Det var og andre utmerka lærarar i Ulvik-bygda som Olav H. Hauge sette høgt. Her skal eg berre nemna Vebjørn Ohnstad, som eg hugsar vitja Oslo saman med Torbjørn Ljones i 1959 for å besøkje kongen på slottet og takka for kongeleg fortjenestemedalje. Eg var då saman med dei på cup-finalen på Ullevål (Viking- Sandefjord 2-1, e.e.o.). Dei to lærarane var fotballinteresserte og kunnige, men ikkje meir interesserte enn at dei drog heim for å rekkja middagen då ekstraomgangane starta.

Det er mange god minne om min farfar, og at han var ein sær levande talar, hugsar eg godt. Eg var stolt og glad då han tala til meg i konfirmasjonen min på Ås i 1960.

Som sagt er diktarverket til Hauge breitt og variert, og *Seljefløyta* gjer det større. Bodil Cappelen og forlaget skal ha stor takk for det.

Det synest likevel ikkje å vere slik at punktum vart sett med *Seljefløyta* i å finne nye sider ved Hauges diktarverk.

For nokre veker sidan fekk eg ein e-post frå Hauge-eksperten, professor emeritus Idar Stegane, med eit dikt vedlagt. Eg kopierer frå e-posten frå Idar Stegane.



Torbjørn Ljones saman med konfirmant Olav Ljones (1960).

Gode Olav.

Eg snakka om eit dikt som du kanskje ikkje har. Eg skriv det ned her:

TIL VAGAR

År har gjenge og dagar,
og vatn runne i hav
sidan du reiste, Vagar,
stein på di systers grav.

Endå kjenner me varmen
og bøni i ordi du hogg,
hjarta vert stort i barmen,
og augo fulle av dogg.

Hjarta er hjarta, og heilag
er kjærleik millom tvo.
Logen frå gravi til Birgingu,
lys med klårare glo.

- Dette er eit lite rit eg kom til å gjera um Opedalsteinen for mange år sidan. Det har ikkje vore prenta før, skriv Olav H. Hauge til Norsk Tidend.

Norsk Tidend nr. 9. 20. 06. 1967.

Beste helsing Idar

Etter mi beste vurdering er dette eit godt og kraftfullt dikt, så framleis er det lite kjende dikt i diktarverket til Olav H. Hauge som kan finne nye lesarar.

For Venelaget vil det vere eit mål å vera med på å leggja til rette for lesing av heile diktarverket til Hauge – både dei framifrå dikta og dei som ikkje er like gode. Hugs Olav sjølv var ein av dei skarpaste kritikarane til eige diktarverk. Hovudverket til Olav er å finna i «Dikt i samling», men og utanfor denne samlinga er det dikt som er verdt å lesa.

Olav Ljones

Leiar Venelaget Olav H. Hauge

Prisutdeling og årsmøte på Rossvoll

Venelaget Olav H. Hauge er arrangør for eit program i heimen til Olav H. Hauge på Rossvoll under Poesifestivalen i Ulvik i laurdag 8. september. Det tek til klokka 1300. Etter programmet vert det årsmøte i venelaget klokka 1430.

Programmet ser slik ut:

Haugedikt i Hauges hage; Liv Osa les dikt av Olav H. Hauge, og Knut Hamre spelar hardingfele.

Klokka 1400–1430

Utdeling av Amboltprisen. Kåseri.

Billettpris:

Vaksne: kr 250, honnør/student og medlemmer av Venelaget: kr 150, born: gratis

Johannes Gjeråker (f. 1936) er lokalhistorikar, filolog, lyrikar og omsetjar frå Voss. I 1996 fekk han Bastianprisen for attdiktinga av Robert Burns' *Dikt og songar*, han fekk Melsomprisen i 1999 for det andre bandet med songar av Burns, og Kritikarprisen for beste omsetjing i 2005. Han fekk Voss kommune sin kulturpris i 1992, og i 2001 fekk han *Honnørprisen* frå Halldor O. Opedals Fond.

Gjeråker er cand.philol. frå Universitetet i Oslo. Han har skrive lokalhistoriske bøker, bygdebøker og bedriftshistorie og har utgitt ei lang rekkje attdiktingar. Ikkje minst er han kjend for attdikting av Robert Burns til norsk, like eins omsetjing av iransk litteratur.

I denne artikkelen fortel han om Olav H. Hauge og korleis diktinga hans knytter seg til Hardanger, med natur, arbeidsliv og kultur. Artikkelen har tidlegare stått i tidsskriftet for Hardanger Historielag i 1988.

Vi takkar den hand
som lyfter opp vårt eige
i land og by.
I land og by, løynt eller opi
er vi heimkjære djupt i vår hug.
Tarjei Vesaas: Ivar Aasen

Hugin og Munin flyg jordkrinsen rundt og sankar vitringar, men dei har sin heimstad på Odins herdar; dei flyg ut derifrå, og dei snur attende dit.

Ein føresetnad for internasjonalt åndsliv og kultursamkvem er nasjonalt åndsliv, og at folk er heimkjære og har vyrksemd og vyrnad for sitt eige. «Eg må ta av mitt eige og dykk, kva kan eg elles gi?» sa Olav Duun.

Det er ei stor, mangslungen og skifterik avspegling av menneskeleg røynd me møter i «Dikt i samling» av Olav H. Hauge. Dikt andar, opne og levande, i verdsens store vit, samtidig som dei har i seg vårt tids sensibilitet, med antenne for det motsetningsfylte og komplekse i livet i verda i dag. Dei er dikt som menneske i alle land i verda kan kjenna seg att i og gjera seg eitt med.

Med si orientering i verda og sin forgreina kjennskap til verdslitteraturen har Olav H. Hauge også sterk kjensle for Ulvik og Hardanger, og levande personleg interesse for historie og tradisjon og samtids liv i byg-

dene. Takksemda han ber til dei framfarne menneska, som har dyrka jorda og bygd og arbeid i Hardanger og bore det fram «alt fagrar led for led», kjem tydeleg fram i det han skriv om «Folk under Folgefonn» av Jon Bleie i «Hordaland» 11. januar 1956. «... Jon Bleie har i denne boki fortalt om folk og tilhøve i Hardanger i fyrre århundra. No er ikkje Hardanger ukjent land, me kan berre tenkja på alt Haukanes og Opedal har samla, men Jon Bleie kjem med mykje nytt og forvitneleg. Kor mykje tidene har skift dei siste 50 åri, merkar me fyrst no etter at dei som vaks upp fyre 1900, er falne ifrå. Det er tomare etter dei, og kaldare. Dei åtte so mykje som me har mist. Dei var so trygge i sitt liv og arbeid, dei gamle, nett dette kjem so godt fram i denne boki. Jon Bleie skriv godt, forteljingane og skildringane er faste og klåre. Og forfattaren er kunnskapsrik og skynsam...»

Heimkjensla og vyrnaden for tradisjonen er med i alle diktsamlingane til Olav H. Hauge, kanskje mest beinveges uttrykt i «Ogmund rid heim», diktet om jorsalfararen Ogmund frå Spånheim, ein hovding som med mykje møde ferdast frå Kvitehavet gjennom Russland til Miklagard og Jorsal.

No rid du heim yver sletta i Ungarn.
Kveldssoli skin,
og vinden helsar frå nord.
Då ser du skautet på Vassfjoro.
Tårone dryp under hjelmen.

«Ogmund rid heim» er eit hyllingsdikt til eit modig menneske og ein stor farmann, og det er eit dikt om heimtrå. Kjensla til Ogmund vert teikna ved eit synleg bilete i sluttlina, indirekte og utan adjektiv, med ein blygskap som folket i Hardanger-bygdene visst kjennest ved. Dei fem linene ovanfor er eit døme på konsentrasjonen og den reinskorne stilen som særmerkjer språket til Olav H. Hauge.

«Spelemannen», *folk for det innestengde*
Diktet «Spelemannen» står som det tredje av dikta i «Glør i oska», etter «Song til stormen» og føre «Svarte krossar». Det er eit stort dikt ved sitt emne, sitt oppslag og si utforming.

«Spelemannen» fortel om gravferda til ein unggut som nyst var komen til utfalding som stor spelemann og skapande musikar. Etter ei kraftfull teikning av bygdabletet kringom gravfylgjet, ein vårkald dag med frosne fjordar, gjev diktaren ord til sine tankar og kjensler som stig i han, der han går saman med andre bygdafolk. Den avlidne var jamaldring med han sjølv. Med denne unge kunstnaren har bygda mist sin tolk; natura, landskapet, menneska har mist han. Både dei lange avlidne «ættene som gjekk og kom her attum Onen» saknar tonen som kunne målbera lengsla deira, og dei som lever no, gjer det.

Alt innestengde skulde du ha løyst
spela og sunge,
vorte ein tolk for bygdi her, ei røyst
for oss unge.

Ein annan stad, i ein samtale, har Olav H. Hauge sagt at det er folket som diktar. I «Spelemannen» kjem same tanken indirekte fram. Spelemannen/diktaren er, og må vera, tolk for det innestengde livet. Dikta-

ren løyser det verdfulle som ligg bunde i folket, også hjå dei framfarne ættlekkene som gjekk bort, utan å få uttrykt det dei mest lengta mot. Ei slik forståing av diktarkallet viser mot ein identifikasjon av diktaren og det samfunnet han lever i. Han løyser deira innestengde liv, deira poesi; han kan det, for det er hans liv og.

Kvardagen, bygdafolks kvardag
Kvardagen, «den grå stille dagen» er emne for mange dikt hjå Olav H. Hauge. Han teiknar kvardagen ut frå sine røymsler som gartnar og hagebrukar. I «Grøne eple» frå «Dropar i austavind» fortel han om plukking og sortering etter ein kald sumar:

Grøne eple
Sumaren var kald og regnfull.
Epli vart grøne og flekka av skurv.
Men eg plukkar og sorterar
og staplar kassane i kjellaren.
Grøne eple er betre enn inkje.
Bygdi ligg på 61 grader breidd.

I dette diktet, som synest einfelt og vandalaust, er mykje usagt. Tolmodet er ikkje nemnt, men det er der. Dette er bygdafolks kvardag, mang ein haust. Dei veit at det ikkje nyttar å setja seg opp mot veret, men held fram med arbeidet og gjer det beste ut av tilhøva. I den lakoniske sluttlina vert det vist til kor utsett fruktdyrking er på så nordlege breiddegrader. Kalde og regnfulle sumrar har kome før og vil koma heretter. Her er ikkje noko som folk på gardane i Hardanger ikkje kjenner att. Men ved si symbolkraft ber diktet bod til alle menneske som i arbeidet sitt møter motgang, kvar det enn er, og kva for arbeid det er. Det stille u-uttala tolmodet hagemannen møter motgangen med, verkar sterkare enn ei direkte oppmoding ville ha gjort.

Eit av dikta med emne frå bondekvardagen er «Kveld i november» frå «På Ørnetuva.»

Kveld i november

Han sperrar loftet. Natti kjem med frost.
Eg fer med augo yver hagen, veit
det heng att eple i ein topp. Eg leit
på mildver enno; veden skal i kost,

og kålen takast upp og kulast, tre
skal plantast; og det burde vore tid
til nybrot og. No ser eg hausten lid
og marki frys og snøen kastar ned

midtlides, og eg veit eg rekk ikkje mitt.
Den epleslumpen fær eg berga, kor
som er, so er i minsto ei sut kvitt.

I vest er månesigden ute, stor
og haustkvass, gjerug med å berga sitt,
ei saknads solbunde åt ei myrk jord.

Denne sonetten har velde og den store tonen. Bonden sine gjeremål ein seinhaust-ettermiddag vert ved fyrstelina og slutttersetten sette inn i den kosmiske samanhengen med maktfulle metaforar, tekne frå målføret i Ulvik: «han sperrar loftet» om den høge og stigande hausthimmelen som varslar komande kulde, og den haustkvasse månesigden på himmelkvelven, hans åker, der han er gjerug oppteiken med å hausta inn grøda, nokre tunne aks, «ei saknads solbunde åt ei myrk jord.»

Det er ikkje berre dei storslegne metaforane som gjev dimensjonar til dette diktet. Sjølv temaet er stort og ålment, mennesket i sin strid for å strekkja til under kvervande tid. Her, som i «Grøne eple», talar dikteren ut frå eiga praktisk røynsle. Ved frostbodet frå himmelen fer han med augo over hagen, arbeidsplassen, og ser gjeremål etter gjeremål det ikkje har vorte tid til. Den langsiktige oppgåva, nybrot, vert det uråd å fullføra no, då marka frys. Den vesle tida som er att føre frosten, strekk ikkje til åt meir enn å få i hus den epleslumpen han veit heng att i ein topp, «so er i minsto ei sut kvitt.»

Olav H. Hauge er fødd diktar. Den biletskapande krafta han har, er ei gåve og kan ikkje lærast. Den er sjeldsynt mellom diktarar og. Den store lærdomen hans vert det skrive mykje om, og med god

grunn. Det er likevel ikkje den, og heller ikkje røynslene frå handverk og praktisk arbeid som har gjort han til diktar. Men i si diktargjerning har han bruka eigne arbeidsrøynsler, og røynsler frå ein kvardag han har delt til liks med bygdafolket i Ulvik, til bilete og symbol. Ved dette har dikta hans fått den truskapen og fastleiken som er særmerkt for han. Meir enn dei fleste har han mura av stein han sjølv har sprengt ut og hogge til.

Det er meir å seia om det at dikteren arbeider i eit handverk og deler bygdefolks kvardag. Å leva slik er også vern mot hybris og åndeleg ovmod. Eit ordtak Olav H. Hauge har nemnt stundom er det persiske «Den som ikkje lærer eit handverk, vert ein skarv.» (I samtale med Anders M. Andersen: «Hjå Olav H. Hauge i juni.» I diktet «Treskomakar» frå «Glør i oska» lyder eit vers slik:

Eg tekslar treskor
av kløyvingsklampen
og freistar skapa
den stygge slampen.
Det er ingi stor kunst
vil du vel segja,
men fyrr du har prøvt,
bed eg deg tegja.

Gjennom læring og tileigning av tame i eit handverk, kan eit menneske også læra mykje om seg sjølv, og like eins læra seg vyrnad for andre yrke og andre menneske, føresetnaden for visdom. Det som synest vandalaust for den urøynde, viser seg gjerne kravfullt når ein prøver det i praksis. Det persiske ordtaket er meir enn skjemt og har mykje tyding i ei tid som har rasjonalisert bort handverket i stor mon. Det er gode grunnar til å ta diktet «Vers» frå «Dropar i austavind» bokstaveleg:

Vers
Kan du gjera eit vers
som ein bonde tykkjer mun i,
skal du vera fornøgd.
Ein smed vert du aldri klok på.
Verst å gjera til lags er ein snikkar.

Som bygdefolk alle dagar har visst, veit han som har forma «Vers» kor store særkrav ein smed og ein snikkar set til emne og omgangsmåte. Ein bonde er ikkje spesialist på den måten, men han har mangslungen røynsle og tykkjer slett ikkje mon i kva som helst. Kan difor ein diktar gjera eit vers som ein vanleg bonde eller arbeidsmann tykkjer er godt, har han grunn til å vera fornøgd. Sjølv har Olav H. Hauge teke imot kunnskap og dikt frå 3000 års tradisjon i den austlege og den vestlege verda, og det er som alt dette har skjerpt synet hans for det verdfulle i Ulvik og Hardanger sin arv. Det er rett som Einar Økland seier («Scenebilete: ein stad i Hardanger» i «Mange års røynsle med pil og boge.» Oslo 1988): «... Den store grunnlinja i denne diktinga har vore ein naturleg solidaritet med heimleg språk, levemåte og natur som har sett bom for eksotisme, lause eksperiment og individualistisk flukt. Difor er Ulvik så til stades i denne diktinga». Økland skriv vidare at «... det har sikkert ikkje vore meininga. Det har falle slik.» Den synsmåten er gjerne den beste, og me kan leggja til at det har falle slik, også fordi Olav H. Hauge i tidlege og formative år lærde seg å æra og elska dei menneska han voks opp imellom – og ved det dei ættene som kom og gjekk i framfaren tid – dei han møtte att i «Folk under Folgefonn» av Jon Bleie.

Frå skorvi i Skrulen til Øydvinstø

Det negative er sjølv sagt til stades i bygdelivet som i alt menneskeliv. Olav H. Hauge har dikta om det, mellom andre stader i «Det er ikkje berre soli og Vårherre som ser kva som skjer,» frå «Spør vinden,» der desse linene står:

«...og gløymer at me i tvo hundra
år har lege i trette
med grannar som vil eta seg inn
på fjellstølen vår, at me har
stemt dei for forlikskommissjonen, teke
saki upp på tinget, ført åstadsak,
kravt grensegang, og anka og tapt for lag-
mannsrett, ikkje fordi dei

skorvi i Skrulen er so mykje verde, men
fordi me vilde
ha retten vår...

Skorvi i Skrulen kan folk kjenna att i alle bygder og byar i alle land der trongen til å ha, og ha rett, ofte står sterkare enn trongen til berre å vera. Diktet kan ikkje gjeva noko ålment svar på korleis grensetvistar skal løysast, anten dei er store eller små, men den sanninga som frigjer, er til i diktet fordi det set ljuset på noko me har gløymt om oss sjølv, der me sit heime i stova og ser på fredstingingar i ein storkonflikt, i eit slott i Paris, i dagsrevyen og synest at «... desse grensetvistane måtte då kunna ordnast på ein stein.»

På den andre og betre sida møter me Osamannen i «Gjer ein annan mann ei beine,» frå «Seint rodnar skog i djuvet):

Han kom or fjellet, skulde heim
fekk føring ifrå Osa
ut til Øydvinstø.
Og han var raust
og baud betal.

Men Osamannen var ikkje fal.
Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.

So gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen,
og skauv ifrå.

Det er storslegen etisk reising og eit hav av visdom i det stutte svaret Osamannen gjev. Det som har berga verda, er at det har funnest kvinner og menn med slikt vit og hjarte. Grundtvig forma lina «De ædles æt dør aldri ud» og Goethe: «Edelt vere mennesket, hjelpsam og godt.» I diktet om Osamannen er det ikkje nokon direkte etisk appell, men det korte replikkskiftet mellom to menn, det synlege biletet av rørslene og hendinga, det innskriftvorne språket fester seg i minnet. Slik vert den etiske verknaden sterkare enn av eit direkte imperativ, ei beinveges oppmoding om å gjera slik og slik.

I dei to dikta som her er sette opp mot kvarandre er emnet frå Ulvik, tydinga er universell, og dikta talar til alle menneske, om sams ansvar og om at me alle høyrer i hop.

Poesi er noko som fyller tinga

Mykje av Hardanger-landskapet har mennesket gjeve forn til. Gjennom hundreår og tusenår har ættene levt og arbeidd og ferdast i det. Natura har fått eit menneskeleg innslag ved alle dei som har lagt att noko av seg sjølve i det. Det står i diktet «Vår» («Glør i oska»).

Men når vallesletta
slær frå jøklar ned,
møter ho ved gjerd
kvite vigde tre.
Og noko lenger nede i same diktet:
Her har arbeidshender
i ei hard natur
skapt eit lite Eden
under is og urd.

I eit fjord- og fjellandskap finst nutar og berg og «Snøydor der sjeldan Snjoen tøy-ar», natur som mennesket ikkje har rørt og forma. Men dei har gjennom aldrane hatt nutane og berga og fjellsidene for augo dagleg, til synskvile og vegvisarar. Folket har teke dei inn i seg og kjent seg att i dei, som Ogmund frå Spånheim hadde gjort. Det er innslaget av menneske føre oss som får Vinje til å kjenna fedranes ånder i sågidren over åkrane om våren, og det er dette som gjer at det med Vergils ord er tårer ved tinga (lacrimae rerum). Ein nedlagd løypestreng frå ei halvgløynd utslåtte høgt oppe i berga er også fylt av poesi, sett frå den rette kant. I «Kvannskorane», frå «På ørnetuva» står desse linene mot slutten:

Då eg var gut, låg strengen nede,
Kvannskorestrengen./
sa me med age og fylgde han med augo
til han kvarv i eventyr og gamledagar.
Og eg tykte det var ilt han skulde liggja
nede./

Olav H. Hauge har sagt (i samtale med Eldrid Lunden: «Cafe Existens») på spørsmål om kva poesi er, at poesi er noko som fyller tinga. I mange dikt – gjennom alle samlingane – har han vist at dette er sant. Det er dikt om urter og tre og blomar og om hoggestabben og sagekrakken og andre kvardagsting ute og inne. Slik lyder diktet «Stokken»:

Ryk
yver stryk
gjekk det, sa stokken.
No vil eg kvila meg,
han rak upp i ei evje.

Ein stokk i ei evje, kva er det no med det?
Han var i sterk rørsle, sa at han bad om kvild, og fekk den roa som bakevja gjev. Både i det ytre og det indre er dette diktet eit bilete på rytmeskifte, skiftande livsfasar, som er attkjennande i menneske sitt tilvære og.

Samtidskritikk

Det er tendensar i den moderne utviklinga Olav H. Hauge snur seg imot. Frå «Dropar i austavind», 1966, «Spør vinden», 1971, og i dikt som er tilkomne seinare, steller skalden spørsmål ved tilhøve i samtida. I «Dei vil burt», frå «Dropar i austavind» er det avfolkinga av bygdene, fråflytting og urbanisering som er temaet:

Dei vil burt
ifrå jordi alle.
Insekta kvimar,
og makken skalar av seg moldi.

Diktet er som ei innskrift i berget: ein ålmannsetning og to bilete. I medvitet og ettertanken arbeider diktet vidare og utvidar seg. Det syner den globale straumen av menneske bort frå bygdene, og frå arbeidet med jorda, til byane, der dei slepp å ta i jord. «Dei vil burt» kallar og fram i tanken to liner av Ivar Aasen, som vart til hundre år før: «Skal alle ganga med kvite hender, so kjem det armod i mange grender.»

Eit stort dikt, som høyrer til i denne samanhengen, er «T'ao Ch'ien», det andre diktet i «Spør vinden».

T'ao Ch'ien
Kjem T'ao Ch'ien
på vitjing ein dag, vil eg
syna han kirsebærtrei og aplane mine,
eg vil helst han skal koma um våren
når dei stend i blom. Etterpå skal me
sitja i skuggen
med eit glas sider, kanskje kan eg syna
han
eit dikt – um eg finn eit han likar.

Drakane som skyt yver himmelen med
gift og røyk etter seg
gleid stillare i hans tid, og fleire fuglar
kvitra.
Her er ingen ting han ikkje vil forstå.
Meir enn fyrr har han hug til å draga
seg attende
til ein slik hageflekk.
Men eg veit ikkje um han gjer det med
godt samvit.

Miljøet og landskapet kringom det tenkte møtet er ein vårdag i blomminga i Ulvik, heime i hagen til dikteren. Det er eit særskilt vakkert dikt om eit møte mellom to diktarar frå ulike tider i dei finaste omgjevnader, til dess det uroande momentet kjem inn, drakane som skyt over himmelen med gift og røyk etter seg. Drakane gleid stillare i T'ao Ch'iens tid; dei kinesiske drakane hadde ikkje gift og røyk etter seg. Urovekkjande er neste setninga og: «Og fleire fuglar kvitra». Dette diktet er vorte til etter Rachel Carsons arbeid som ho la fram i «Silent Spring» - den tagale våren. Meir beinveges i sitt kritiske språk er «Det er på tid» frå «Janglestrå»:

Det er på tid
Raketar stikk
snutane upp
og medar på månen og Mars.
Det er på tid
det er på tid
å så si gift millom stjernone.

Denne desperat/ironiske skrifta på veggen er på rett stad andsynes temaet, den fram-

skridne militærteknologien og stjernekrigsstrategien. Her er me langt borte frå Hardanger, men situasjonen rører ved Ulvik og grannebygdene også, som ved alle andre stader på jorda.

Ei anna side ved denne ålmenne, moderne utviklinga vert det rørt ved i «Eg ser yver ljårne fyre slåtten», frå «Spør vinden»:

Eg ser yver ljårne fyre slåtten
Brukte ljår
held seg blanke,
rustar ikkje, endå
eg ser dei og forgjengst.
Kva er best, rusta ubrukt i ljåkkassen,
eller slitast ut av bryne og steinut slått?

Her er bileta frå kvardagslivet i Ulvik og andre norske bygder, slik det var, før strukturrasjonaliseringa skauv ljåslåtten bort. Diktet er ope og mangtydig, men etter ein lese-måte kan «brukte ljår» peika mot menneska i handverksmiljøet og det førindustrielle jordbruket. Dei arbeidde så kropp og hender vart slitne. Etter at desse arbeidsmetodane vart trengde bort, får ikkje menneska bruka evnene sine som før, dei vert framande for natura, og dei aldrast ubrukte. Dette er ein blant fleire lese-måtar, men diktarar og kritikarar som tyder mykje for Olav H. Hauge, som Robert Graves og F. R. Leavis, har sett fram tankar i tråd med denne tydinga. Dei hevdar at utan handverk og arbeid med jorda vil kulturen og språket forfalla. Språket er vorte til ved arbeidet med elementa, og for å halda seg levande treng det at mennesket møter natura i si kvardagsgjerning, som arbeidsteig og materiale.

Språket og målføret

Som Einar Økland peikar på i det nemnde avsnittet, høyrer det til grunnlina i verket til Olav H. Hauge at han er solidarisk med heimleg språk. Han veit kva for verde det nedervde hardingmålføret eig. Det er skapt gjennom tusenåra i arbeidet på sjø og fjord, i hagar og på åkrar og engjer, i utslåtter, i skog og på stølar og fjellvidder. Røynslene frå smidjer og verkstader, frå florar og løder

og låvar lever i det, som og frå veidemansliv på Vidda og frå båtbyggjarverksemdar ved fjorden. Dette målet har levt og vakse i venleik og uttrykksevne i heimane der borna har vorte førde inn i livet, vidare i samkome og samarbeid mellom grannar og ferdefolk i kyrkja og helg. Born og ungdom har lært av dei tilårskorne med større røynsle og visdom.

Olav H. Hauge har kjensle og age for framande mål. Han har tileigna seg store diktverk frå andre land i originalspråket; ved dette har han lært meir å sjå uttrykkskrafta i sitt eige mål. Berre sjeldan har han dikta på

dialekt, men ved si diktning har han lyft det heimlege målføret opp i nasjonalspråket. Det har dei gjort, alle dei store diktarane som har dikta på nynorsk.

Han har i stor mon vore med og gjort det norske målet meir kjenneleg og heimleg. Dei velvalde orda som Tarjei Vesaas sette fram i sitt dikt til Ivar Aasen, vil også høva i ei helsing med takk til Olav H. Hauge:

Vi takkar den hand
som lyfter opp vårt eige
i land og by.

Verv en ven!

Vi vil gjerne ha fleire medlemmer i Venelaget. Medlemspengane i Venelaget Olav H. Hauge er framleis berre 250 kroner for eit år. Innbetaling til konto 3450 30 01960, Venelaget Olav H. Hauge v/ kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

NB: Skriv tydeleg namn og adresse på avsendaren!

Laget sparar ein god del pengar dersom medlemspengane kjem inn utan at det vert sendt giro til kvar einskild medlem.

VERV EIN VEN!

Takk for hjelpa!

BERRE DRIKK DU! EG KAN VENTA av Randi Jåstad

Når ein lesar møter eit dikt for første gong, skjer ei ny tolking. Lesaren kjem med sine erfaringar og refleksjonar og opplever diktet ut frå desse. Når eg les diktet «Piggsvinet», dukkar minne frå barndomen min opp frå gløymsla.

Då eg var lita, fanst det piggsvin i massevis. Eg hugsar at me ungane samla inn piggsvin og sende dei i trekassar med rutebåten til eit laboratorium på Universitetet i Bergen. Der skulle dei brukast til eit eller anna innan forskning. Me fekk stykkpris, og den var ikkje låg. Medkjensle med piggsvina som vart bortførde frå heimen sin, trur eg ikkje sveiv oss. I dag ville det ikkje vore lett å finna nok piggsvin til å dekkja botnen på ein eplekasse ein gong. Medan ein før ofte såg daude piggsvin liggjande med innvolane smadra i vegbanen, er slikt no sjeldan å sjå. I hardangerdialekten seier me pinnsvin i staden for piggsvin. Ordet pinnsvin finn eg personleg mykje mjukare enn varianten med piggar.

«PIGGSVINET» frå
Dikt i samling frå 2010.

Her ei natt på heimveg fall det
so eg vegen la
yver teigen, der eg visste
det ei kjelde va'.
Kjelda fram or myrkret blenkte,
fanga natti inn.
Då ved dökke speglen sat det,
sløkte torsten sin,
vesle nysta! Alle piggar
låg so mjukt i fred,
og den svarte snuten smaka
fint på drykken ved.
Berre drikk du! Eg kan venta,
og eg tolug stod.
Kanskje me i mangt og mykje
like er, me tvo.
Liksom eg du likar rusla
slik i myrkret kring
millom haustlauv, finna kjeldor,
bær og slike ting, -

likar pusla einsam. Men um nokon kjem oss nær,
kryp me inn i huva og ut
stive piggar slær.

Diktet vart først publisert i diktsamlinga *Under bergfallet* frå 1951. Dei to første strofene med verba i preteritum er forma som ei lita forteljing. Ein møter eit lyrisk eg som deler ei oppleving med lesaren. Reint konkret er det snakk om ein person på vandring nattarstid. Han er tørst og vil finna seg litt vatn i ei kjelde. Der ser han eit piggsvin som er ute i same ærend. I slutten av den andre strofa skifter tempus frå preteritum til presens. Presensformene lyfter innhaldet over frå forteljing til refleksjon.

Kvar strofe har åtte verselinjer med fast rimmønster og enderim i annankvar linje. Dette blir kalla balladerim fordi det var ei mykje brukt verseform i folkeviser (balladar) frå mellomalderen. Desse visene vert karakteriserte som episk/lyriske, det vil seia at dei både fortel ei historie og har eit stemningsskapande omkvede. «Piggsvinet» kan også karakteriserast som episk/lyrisk. Språket er enkelt, og stemninga knytt til natur og natt.

Kjelda er det mest sentrale elementet i den første strofa. Kjelda kan lesast både reint konkret og i meir overført tyding. Vasskjelder har i alle tider vore heilt sentrale for at folk har kunna dyrka jorda og overlevt. Vassmangel betyr mangel på liv. Men kjelde kan også lesast som ein metafor for livskraft eller skaparkraft. Dette motivet finn ein også i andre dikt av Hauge, slik som /kjeldor skal springa/ i det kjende diktet «Det er den draumen» og i «Veit du ei kjelde» frå samlinga *På ørnetuva* frå 1961. Den kunstnarlege skaparevna er eit sentralt tema hjå Hauge.

Kontrasten mellom den mørke natta og den klåre kjelda får fram ei noko melankolsk og tvitydig stemning. Kjelda «blen-

kjer», det vil seia at månen spelar ei rolle i forgyllinga. Månen har i seg både liv og død; den er kald, men samtidig gir han lys. Det oppstår såleis eit bilete som kan tolkast på mange måtar. «Myrkret» blir brukt to gonger. I tillegg til den konkrete natta kan myrkret også vera eit bilete på tungsinnsinn. Adjektivet «einsam» i siste strofa peikar i same leia. Det ligg nær å trekkja inn sjølvbiografiske element frå Hauge sitt eige liv her. Han sleit periodevis med sjukdom og kjende seg åleine. Elles er einsemd eit eksistensielt livsvilkår som alle menneske kan kjenna på i større eller mindre grad.

Medkjensle og kjensle av fellesskap med piggsvinet kjem fram gjennom utroptet «vesle nysta!» som både vender seg til lesaren og til piggsvinet. Først skaper han distanse mellom seg sjølv og det vesle dyret med å skildra det i 3. person. Etterpå vender han seg direkte til piggsvinet med å bruka «du» som pronomen: /Berre drikk du! Eg kan venta/. Ved hjelp av adverbet «tolug» dirrar møtet stillsleg i andre strofa: /Og eg tolug stod/. Han tek opp igjen den direkte kontakten med piggsvinet på slutten av andre strofa: /Kanskje me i mangt og mykje/like er me tvo/. Adverbet «kanskje» legg inn ei undring eller ny kunnskap om sams livsvilkår for menneske og dyr her.

Dette blir utdjupa i siste strofa. Det lyriske eg-et samanliknar seg med piggsvinet. Piggsvinet blir både personifisert og besjela. Dei konkrete handlingane brukte som eksempel i dei fire første verselinjene, konkluderer med: /likar pusla einsam. Både «rusla» og «pusla» er lydhermande ord som framhevar det stillslege ved aktivitetane.

Tankestreken etter dei fire første linjene i siste strofa får lesaren til å stoppa opp for avslutninga. Tilhøvet til andre menneske står sentralt på slutten av diktet: /Men um/nokon kjem oss nær, /kryp me inn i huva og ut/stive piggar slær. Den siste verselinja viser eit sinne som ikkje har kome fram

tidlegare. Personlegdomen er samansett. Det einsame, stillslege nattmennesket har også ei aggressiv side. Piggene vert bilete på motstandskraft, våpen som kan brukast til både angrep og til å skjula og verja det mjuke innvendig.

Hauge har endra siste strofa litt frå første utgivinga i 1951 til 1984. I følgje Aasta Marie Bjorvand Bjørkøy i boka *Eit dikt vert aldri ferdig*, vart Hauge aldri heilt nøgd med dikta sine. Han fann alltid noko som kunne vore sagt annleis og meir presist. Difor endra han ofte litt frå eine utgivinga til den andre. Det ser ein også her. I diktsamlinga frå 1951 finn me i tredje strofa: /...men um /nokon kjem **oss** nær/kryp **me** inn i huva/ I diktsamlinga frå 1964 *Dikt i utval. Dogg og dagar* har han skifta pronomen: ... men um /nokon kjem **deg** nær/kryp **du** inn i huva.../ Dette enkle pronomenskiftet kan gi endra tydingspotensial. I første utgåva verkar det som Hauge vil uttrykkja slektskap eller fellesskap med piggsvinet. I utgåva frå 1964 distanserer han seg meir frå dyret, men i *Dikt i samling* frå 1980 finn ein igjen formuleringane med «oss» og «me».

Hauge har skrivne mange dikt med dyr og fuglar frå nærmiljøet som sentrale element. Eg tenkjer til dømes på «Katten», «Gauken» og «Kongro». Dyremotiv får oss kanskje til å sjå på naturen og oss sjølve med nye briller.

«Det eg hugsar best» frå *Dropar i austavind* (1966)

Det eg hugsar best frå barndomen,
er vinden.
No er det ikkje vind att.
Ikkje vind
og ikkje fuglar,
kor skal det då gå?

Her kunne gjerne «piggsvin» vore med saman med «vind» og «fuglar»?

DIKT AV OLAV H. HAUGE

I AVISER OG TIDSSKRIFT FØR DEBUTEN av Arne Skjerven



Når no Bodil Cappelen gjev ut tidlege uprenta dikt av mannen, Olav H. Hauge, har eg sett litt på dikt som kom ut før han debuterte i 1945. Her kjem dei eg har kome over.

Av dei titlane som no er komne med i boka, som altså ber namnet *Seljefløyta*, har eg funne ein del som har vore prenta. Dei kjem med i det fylgjande:

«Seljefløyta» vart prenta i *For bygd og by* (B&B) i 1941, side 14. «Dei fyrste vårblomane» var prenta i B&B i 1943, side 12, og heitte då «Vårblomar». Svært likt nyaste utgåve. «Kjærleiken sigra yver dauden» B&B 1941, side 17. «Hella» stod i Gula Tidend 10. mai 1939. «Gleda» stod i Gula Tidend 16.

juli 1938. «Morgonkvede» kan vera noko nær «Morgonsong» i Gula Tidend 3. mai 1939. «Me legg bekken i røyr» vart skriven i 1953.

Diktet «Cella» er frå det som heiter etterlatne dikt.

I *For bygd og by* fram til 1946 hadde Hauge i alt eigne 21 dikt og 10 dikt som han har omsett frå fleire språk. Eg har namna på alle.

Gula Tidend har seks dikt frå 1927 skrivne av han sjølv og tre omsette dikt. Det fyrste heitte «Slaattesong», skriven under psevdonymet «Slåttekar».

Avisa Sogningen hadde i 1933 tre Hauge-dikt i bladet, «Eigen avling», «Livsens meining» og «Sjel, lat oss læra».

LOKALT PEDAGOGISK ARBEID OM OLAV H. HAUGE OG DIKTINGA HANS *av Steinar Bergo*

Arne Skjerven, lærar, journalist og forfattar, fødd 1946. Han var pådrivar for Venelaget, Haugebautaen, Poesifestivalen og Amboltprisen. Han fekk Amboltprisen i 2010 og Ulvik herad sin kulturpris i 2011. Han har skrive tekstar og gjeve ut to bøker om Olav H. Hauge.

Skriving og anna marknadsføring av forfatarar oppstår ofte med grunnlag i kjennskap, vennskap, ekteskap eller «faenskap». Når ein person vert vidgjeten, vil alle gjerne ha del i dette og sola seg litt i glansen. Ein kan stundom ha mistankar om at personen skriv litt for å koma i fokus sjølv, altså for eigennytt. Andre skriv som ein intellektuell aktivitet til andre intellektuelle, om lag slik byråkratane skriv til kvarandre for å ha noko å gjera på! Skal ein gjera ein forfattar levande for komande slekter, born og unge, må ein tenkja annleis og sjølv tre i bakgrunnen som person. Det er her pedagogen kjem inn!

På Brakanes skule i Ulvik har det tidlegare vorte gjort mykje godt formidlingsarbeid om Olav H. Hauge. I sine pedagogiske velmaktsdagar stod Arne Skjerven for mange fine opplegg der elevane fekk læra

om Hauge og diktinga ved å skapa liv og engasjement om diktaren og dikta. Med sitt levande engasjement for saka laga han både filmar og framsyningar der elevane fekk bruka både talent og oppleva litterær glede. I ein film er regissøren viktig, men du ser han aldri!

Den eine filmen heiter «Katten» og handlar om ein gut som er på leiting etter katten sin som er blitt borte. Han leitar og leitar. Men ein dag kjem det tragiske faktumet for dagen: Han ser ein større gut med skinnhuve, og huva er laga av skinn til katten!

Filmen er tufta på dette diktet i ABC-boka Hauge skreiv, og kona, Bodil, teikna til.

Me kakkar på hjå alvorsmannen K
og spør kvar er katten?
Då vert han ikkje blid
og smeller døra i



Oddmunds-Ola på prestekontoret for å bestilla barnedåp.



Oddmunds-Ola døyper eitt av borna sine i Ulvik-kyrkja.



Osamannen var ein fargerik fjellmann og slitar.



Elevar legg blomar framfor Haugebautaen.



Ein dag ser han skinnet av katten sin att på hovudet til en mann.



Filmen om katten vart til skuleåret 2001–2002.



Frå poesifestivalen 2008. 100-årsjubiléet for Olav H. Hauge sin fødsel. Arne Skjerven med elevar frå Brakanes skule med program og «kransnedlegging.»

Det var han som skaut
katten til Tuva,
flådde han og sydde seg huva.

Begge filmene finst på Haugesenteret, fortel Arne.

Den andre filmen vart laga til saga om Osamannen, Oddmunds-Ola. Dette er ei sannsøge, og ein kan fylgja livet hans heilt til gravsteinen like utanfor kyrkja på Brakanes. Arne Skjervén fortel: «David Oppheim støla på Langvass-stølen rett vest for Gravhalstunellen. Kortaste vegen dit og heimatt er over Skårafjellet, og om Slondal, som er buføreveg. Men så hadde det seg slik at David ei heil tid hadde hatt eit ærend til Osa. Difor fann han ut at han kunne gå fjellet bak Vassfjøro til buførevegen, som gjekk frå Osa om Osete og til Tuftene og Grøndal vest for Hallingskeid. Han så gjorde, fekk utretta ærendet sitt i Osa, og spurde så Oddmunds-Ola (Ola Oddmundsson Osa 1814–1897) om skyss ut til Øydvinsto. Slik endar saga slik som diktet fortel. I filmen om Osamannen er dette utgangspunktet og ramma, men samstundes er det fleire andre hendingar med frå det rike livet til Oddmunds-Ola, mellom anna då han gjekk til presten og tinga barnedåp. Presten spurde kvifor Olav hadde så mange born. Olav som budde i eit lite hus i Salbuvikja i sjøkanten, svara at det var så trangt at han rende borti kona Lisbett rett som det var. Slik prat likte ikkje presten, og Ola måtte ut med bot etter at presten ikkje kom tidsnok, sjølv om dåpen var avtala.»

Osamannen var ein fargerik fjellmann og



Gravsteinen er like enkel som livet han levde.

slitar. Olav H. Hauge har gjort han uøyeleg i diktet «Gjer ein annan mann ei beine». Moralen i diktet er ei oppskrift på å gjera verda betre! I denne filmen stilte fleire lokale opp. Dei tydelegaste på filmen er: Presten, Dag Øyvind Østereng, Ivar Osa og Jørgen Hallanger.

«Eg vil betala; eg kan ikkje nå deg med ei beine att.

So gjer ein annan mann ei beine då, sa Osamannen, og skauv ifrå!»

Eg er freista til å avslutta litt fritt etter Ivar Aasen: «Hauge gav oss ein arv til å gøyma. Han er større enn mange vil tru.»

Kunsten er å formidla han på ein måte som gjev glede, identifikasjon og berekraft!

ALLE ELEVANE VAR MED PÅ ARBEIDET:

Anna Fenne Brandstveit
Eli Børsheim
Bjørn Ivar Undeland Toftedvår
Anne Mette Espelid
Beate Frøystein
Fredrik Netland
Sigrid Haukeland
Elin Christine Hjelmevoll
Rune Nesheim

Ida Opedal
Andreas Haldorsen
Kitty Prestegard
Alexander Fauske
Hildegunn Rondestveit
Eirik Eide Lekve
Ingrid Sponheim
John Henry Almås

OLAV H. HAUGE SOM

FORFATTAR AV SAKPROSA av Olav Ljones

Olav H. Hauge var lyrikar fullt ut av heile sitt hjarta. Heile livet arbeidde han med å utvikla seg som lyrikar. Han las lyrikk og bøker om lyrikk, og i dagboka er det mange tankar om eigne dikt og dikt frå andre. Det er ikkje nokon kjende teikn på at Olav hadde tankar eller planar om anna diktning enn poesi.

Det er likevel grunn til å minna om at Olav skreiv sakprosa. Det største verket her er sjølvsgagt dagbøkene som vart samla og trykt nokre år etter at Olav døydd. Dette er kort og godt eit imponerande verk og ei kjelde for mangt og mykje.

Olav har og skrivne einskilte andre tekstar som kan nemnast. På heimesida til Hauge-senteret er det ein bibliografi, og frå denne kan me sakska:

Artiklar og andre prosatekstar av

Olav H. Hauge

«Fjellet kring Uppsete, Hallingskeid og Finse i eldre tid», i *Den Norske Turistforenings Årbok 1950*. DNT, 1950.

«Kristoffer Sjurson Hjeltnes. Ein fyregangsmann», i «Hjeltnes», 1951.

«Ein stor roman». Melding av Sjur Bygd: «Draumen», i «Hordaland» nr. 5, 19. jan. 1955.

«Jon Bleie, «Folk under Folgefonn. Tradisjon frå Sørfjordbygdene». Bokmelding i «Hordaland» nr. 3, 11. jan. 1956.

«Eitt visste du», i *Dette står jeg inne for*, Den Norske Bokklubben, 1969.

«Dikt av Frank Frode». Bokmelding i «Bergens Tidende», 27. nov. 1969.


«Mannen og Natta. Noveller». Bokmelding av novellesamlinga til Sjur Bygd i «Vestlandsfan. Organ for Studentmållaget i Bergen», nr. 4, nov. 1970, 7. årg.

Tekst utan tittel i heftet «Ulvik-Granvin-Voss NEI NEI NEI 25. september», 1972. Ein litt annan versjon av teksten vart prenta i bladet «Gloppen og EF» same år.

«Denne boki er rett i blinken», i *De klarsyn-te*, Svetor Forlag, 1974.

«Nokre ord um Sivle». I *Sivle frå Voss*. Red. Bjarte Birkeland. Det Norske Samlaget, 1974.

«Det sto eit gufs av han.» I *Kristoffer Uppdal. Ei bok til 100-årsjubileet*. Red. Olav Dalgard. Noregs boklag, 1978.



«Nokre ord um sonetten.» I *Basar 1/1978*, under samletittel «Seks sonette-makere om sonetten».

«Nokre ord um Georg Johannesen.» I *En bok om Georg Johannesen*. Red. Johan Fredrik Grøgaard, Kjell Heggelund, Jan Erik Vold og Einar Økland. Gyldendal, 1981.

«Ny lyrikar». I *Morn. Ei bok til Ola Jonsmoen på 50-årsdagen 9. juni 1982*. Red. Per Roar Øien. Noregs boklag, 1982.

«Arnljot Eggen 60 år», i «Profil» 2/1983.

Sidan det er jubileumsår for Den Norske Turistforening i år, kan me stoppa litt opp ved artikkelen frå DNT-årboka 1950. Dette er ein imponerende artikkel om naturen og aktivitetane i Ulvikfjella. Her er historie om tidleg ferdsl og gode naturskildringar som er verdt å lesa. I artikkelen er det på side 153–154 omtale av Olav Åmundson Osa (1814–1898) som er rekna å vera modell for

Osamannen i diktet «Gjer ein annan mann ei beine». Heile artikkelen er lagt ut på heimesida til Venelaget, venelagethauge.no.

Olav H. Hauges interesse for lokalhistorie kjem og fram i artikkelen i *Hjeltnes* 1951 om Kristoffer Sjurson Hjeltnes. Dette er og ein velskriven og ryddig artikkel om ein stor og skapande mann.

Det meste av det Olav skreiv av sakprosa var som oversikta syner, bokmeldingar og omtale om og til forfattarar. Eit prov på bokmeldingane er og å finna i dette Venelagsheftet.

Gode medlem i Venelaget Olav H. Hauge!

INNKALLING TIL ÅRSMØTE

Tid: 8. september kl. 14.30 2018

Stad: Rossvoll, Ulvik

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar, referent og to som skal skriva under protokollen
3. Årsmelding 2016–2018 ved leiar Olav Ljones.
Meldinga vert lagd ut på heimesida, venelagethauge.no
4. Rekneskap 2016–2018, ved kasserar Anders K. Oppheim.
5. Innkomne saker. Oppfølging av vedtak på årsmøtet i 2016 om samarbeid med Haugesenteret.
Forslag om å flytte heimesida til Venelaget til heimesida til Haugesenteret.
Dokument lagt ut på heimesida venelagethauge.no

Andre innkomne saker

6. Val av styre, valnemnd, revisor og amboltprisnemnd

Saker som medlemmene vil ha opp på årsmøtet, må sendast til styret, ved leiaren, seinast to veker før årsmøtet.

For Venelaget
Olav Ljones, leiar
Ostadalsveien 16, 0753 Oslo
e-post ola-lj@online.no.
Mobil 90 69 39 04

KVARDAG OG HØGTID I

OLAV H. HAUGE SI DIKTING av Per Olav Kaldestad

Eg har skriva ein del om Olav H. Hauge sidan tidleg på 1970-talet, men det er nokre år sidan sist eg gjorde det – nærare bestemt i artikkelen "Eg likar tungsmidt grjot. Stemme og form i *Seint rodnar skog i djuvet*", trykt i *Tunn is. Om Olav H. Hauges forfattarskap* (red. Terje Tønnessen), LNU/Cappelen 1994. Eg har lyst å ta til der.

Seint rodnar skog i djuvet (1956) er på fleire måtar annleis enn dei to fyrste bøkene til Hauge. Som i *Under bergfallet* (1951) er her ei stemme som talar frå botnen av dagen, men noko har letna, det er som om dikteren har lagt av seg ei bør og pustar friare. Blant anna ytrar han seg oftare om det han liker, som i opningsdiktet "Grjot":¹

Eg likar skogdrøymd elv
som renn forutan song,
eg likar vatn som ikkje veit
um garn og stong.
Eg likar grjot og berg
som ikkje har vorte mold,
eg likar urudd jord
som ikkje har bore foll.

Eg likar usått frø
– der skogar enno søv –,
eg likar blenk i barneaugo
og von i alders støv.
Eg likar tungsmidt grjot
som held mitt ambod blankt.
Det slagget som elden vanda,
kan endå vera mangt!

Det er kanskje denne utgangsposisjonen som gjer at han i denne boka tidt låner stemme og form frå sjangrar i den folkelege munnlege tradisjonen (barnerim, regle, stev, fabel, myte, ordtak, anekdote). Han nyttar nok tradisjonsformer i dei fyrste bøkene òg (gamlestevet, f.eks.), men det er no han for alvor opnar for slike former (jf. den ordtakslignande tittelen). Dette blir endå

meir tydeleg om me tar med dei dikta han i seinare utgåver av *Dikt i samling* plasserer i *Seint rodnar skog i djuvet*. Det verkar som eit nødvendig eksistensielt val; som om tradisjonsformene er med på å vekkja medvitet om det han har omkring seg til dagleg, fellesskapet med dei andre, i både fortid og notid. I tråd med dette ser me òg at humoren hans oftare skin gjennom her enn i dei to føregåande bøkene.

Det er særleg frå og med *Dropar i austavind* (1966) Hauge gjer personleg bruk av munnlege tradisjonsformer til eit sentralt trekk ved skrivemåten. Her nærmar det poetiske språket seg òg den daglege samtalen blant folk, som i "Sagi":

Skrap,
segjer sagi.
Stød ved.
Ho segjer kva
ho tykkjer, sagi.

Eller i "Ein lyt":

Ein lyt
smøygja seg
og tøygja seg
og friska seg
og briska seg,
gjera som braken
spita hagl og regn!

Eit avslappa språk er teikn på at eg-et tar seg sjølv mindre høgtidleg, seier poeten Michael Hamburger i *The Truth of Poetry* (1969). Det er freistande å sjå dei siste bøkene til Hauge i eit slikt perspektiv. Mange av dikta hans frå 1960- og 70-åra minner om dagboksnotat og korte meldingar, og fleire av dei har ein ironisk snert, som "Stakkars den som er gamal" (*Spør vinden*, 1971):

¹ Frå *Dikt i samling* 1993.

Stakkars den som er gamal
og fengd av elskhug!
Sjå gloi i kjakebeini,
kor augo skin
av daude draumar!
Ei gamal bjørk fær snart
raude merke av stórved.

Og han leverer gjerne forunderleggjerande
framstillingar av det vanlege, som i ”Lega”
(*Spør vinden*):

Lega er snart god nok
for tvo som elskar.
Men folk drøymmer og lagar
so mykje silkespinn.

No vil eg på ingen måte ha sagt at Olav H. Hauge si diktning utviklar seg frå det høgtidlege til det kvardagslege. Han er til stades i kvardagen frå fyrste boka – og han høgtidar kvardagen til det siste. Eg minnest at Georg Johannesen på eit seminar i Ulvik våren 1974², der Hauge sjølv var til stades, raljerte over hans nyvunne rykte som kvardagsdiktar etter den allmenne kritikarhyllinga av *Dropar i austavind*. Han hermde ein tenkt artikkel i *Bergens Tidende* og sa noko slikt som: ”Gratulerer med kvardagen, Olav H. Hauge! Nå er du like klok som vi alltid har vært. Takk skal du ha, og stipend skal du få!” Johannesen hevda at det viktigaste i diktinga hans ikkje har endra seg med åra, berre formene det ytrar seg i. Han omtalte Hauge sine dikt som kvardags-surrealisme og lanserte omgrepet ’holet i kvardagen’ i eit forsøk på å formulera det særprega ved dei.

For meg er Hauge meir ein oppglødd diktar enn ein kjølig ting-diktar. Han kan

vera reflekterande og elegant, men framfor alt opplever eg han som ein lidenskapleg diktar; ein ordkunstnar som framkallar kvardagens opplevingar, fenomen og gjenstandar i minneverdig tale. Og talen er både endefram og høgtidssam, som i ”Den gamle diktaren har laga eit vers” (*Spør vinden*):

Den gamle diktaren har laga eit vers.
Og han er glad, glad som ei siderflaske
når ho um våren har sendt
ei buble frisk kolsyre upp
og er um å sprengja korken.

Eller frimodig og spenstig – og ikkje mindre høgtidssam – som i ”Dans” (*Spør vinden*):

Ferdig
er kjømeister,
ferdig er prest,
golvet rudt,
kjenn bjelkane
knest.
Fele og krakk
og ei krå!
Upp kvar stakk
og lett
på tå!

Raude huvor
på krulla hår,
tattar, midjor,
faste låar –
svint på mjuke
vidjor
solane
går,
hei, de
gjentone mine!

ANDREAS BJØRKUM OM HARDINGMÅLET

Andreas Bjørkum (1932–2014) var dialektforskar og frå 1982 professor ved Universitetet i Oslo. Han tok embetseksamen i 1962 og doktorgraden i 1974 med «Generasjonsskilnad i indresognsmålet».

Han har elles m.a. gjeve ut «Årdalsmål hjå eldre og yngre» 1968, og «Ord og form hjå Olav H. Hauge» 1998. I samband med 70-årsdagen vart det gjeve ut eit heidersskrift om Bjørkum: «Målgranskaren frå Årdal». Bjørkum arbeidde for det meste ved Norsk Målførearkiv ved Universitetet i Oslo og var ein av dei fremste kjennarane av norske målføre.

Denne artikkelen er eit lite utdrag frå boka «Ord og form hjå Olav H. Hauge».

Hardingmålet hjå Hauge

Innleiing

Olav H. Hauge hadde eit framifrå godt inn-syn i sitt eige målføre, talemål, ulvikmålet, både som dagleg brukar, nedskrivar og diktar, og han verdsette målet høgt. I diktet «Sumarmorgon i Ulvik», skriv han:

Og målet set so tidt ein lærd i bet.
Det hev ein svip av bygda sjølv i draget,
so blid ein ynde og so byrg ein brage.

Hauge sende inn mange ordsetlar til arkivet åt Norsk Ordbok, mest rundt 1956, men diverre har dei ikkje skrivne ned talet på setlar frå Hauge der. Ordsetlane har klare, greie ordtydingar og gode døme på bruken. Attåt skreiv han ned mange ordtøke og mykje anna stoff i ei handskrivi notisbok som låg att etter han, «Gamalt frå Ulvik» (118 sidor; inne i boki står årstalet 1944 ein gong). Med stor velvilje frå Bodil Cappelen fekk eg lov å skriva av både segnene, hermone og alle ordi der. Ordi var ofte merkte med K. H., førebokstavane i namnet åt mori, Katrine Hakestad, seinare Hauge. Mori var fødd i 1873 og levde til ho var over 100 år (ho døydde i 1975), og mor hennar, bestemor åt diktaren, var fødd i 1844. Dei to sat inne med mykje gamalt både i ordval og formverk, serleg bestemori, skriv Hauge i brev (8. okt 1993), og Ragnvald Skrede skriv at «Mormor hans var sers minnug og visste mykje frå gamle dagar» (innleiingi om Olav H. Hauge i «Dikt i utval» 1964.) Faren, Håkon

Hauge, var innflyttar frå Lærdal i Sogn, so det var på morssida diktaren var tett knytt til ulvikmålet.

Ordtøki som Hauge samla, var skrivne på egne ark og, merkte frå 1 til 85, men fleire av dei stod samstundes i denne notisboki. Mange av dei mest sermerkte ordtøki har eg valt ut og prenta slik Hauge skreiv dei ned på ulvikmål.

Bonde Nils O. Børsheim (1897–1978) i Ulvik skreiv mange brev til Hauge (frå 1962 til 1966) med mykje interessant målf.-tilfang, serleg ordtilfang. Det var ord og vendingar som dei baa kjende or bygdemålet, og Hauge har nytta ordi og vendingane stundom. Med velvilje frå Bodil Cappelen har eg fått teke kopi av desse brevi, og eg har skrivne ut dei ordi som finst att i bøkene åt Hauge.

I fleire brev og telefonsamtalar med diktaren (i åri 1993 og 1994) fekk eg klare og gode svar med tydingar av ord som var mindre kjende eller heilt ukjende for meg, og han gav sers gode opplysningar om formverket i målf. Desse opplysningane har eg nytta ut i denne utgreiingi.

I bøkene åt Hauge er det mange fotnotar med tydingar av mange ord og vendingar som høyrer heime i Hardanger og, mest i den fyrste boki, og fotnotane gjev svært gode definisjonar som greitt syner oss ein kunnig brukar og lesar av ordbøker. Han kjende sers godt ordbøkene åt Ivar Aasen og Hans Ross og brukte dei, har han sjølv for-

² Seminar om Olav H. Hauge og Sjur Bygd.

talt, og der fann han svært mykje ordtilfang frå Hardanger og. Det rike og skiftande ordtilfanget i ordbøkene og i nynorsk litteratur nytta han ut i eigne dikt og i dei mange omsette dikti, som han gav ut i fleire samlingar. I alle bøkene hans og i prosastykke finn me fleire tydelege merke på hardingmål, og me skal prøva å samla desse merki her. Ei heller stutt samling med sermerkte hardingord har eg sett opp i ei lita utgreiing om «Eit utdrag ord og ordtilfanget hjå lyrikaren Olav H. Hauge frå Hardanger».

Hauge har skrivne berre fire dikt på hardingmål, to som er noko lengre og to som er heller stutte....

I det meir fullstendige oversynet her kjem eg òg til å draga inn målf.-innslag or andre dikt og or prosaen hans, slik at alle målf.-innslag vert med i denne framstillingi...

Det fyrste diktet hans på hardingmål vart prenta i krigsåret 1942, to år før debuten. Diktet hadde ikkje nokon tittel, men i innleiingi i bladet er versi hans kalla «desse aktuelle versa på Ulvik-mål». Det var vanskeleg å få tak i tobakk i denne tidi, og dei fire strofene på tolv linor handlar om Verald smed og tobakksløysa hans, so ein høveleg tittel kunne vera «Tobakksløysa». Diktet stod på prent i Norsk Tidend» 5. juli 1944 og finst berre der. I debutboki finn me det lange diktet «Sauapika» med sju strofor og åtte linor i kvar strofe, men dette diktet er ikkje med i seinare samlingar. I den tredje boki har han med to mindre dikt på hardingmål, «Haust unde Hodn», med berre ei strofe og «Røvafofot» med «Barnerim» til undertittel, eit dikt på to strofor. Det fyrste av desse to er med i «Dikt i utval» 1964, og bae er med i «Dikt i samling» 1972....Samanlagt vert det ikkje mange sidor, men lell gjev desse fåe dikti eit godt innsyn i måten Hauge skriv hardingmålet på.

Mange døme på ord og vendingar syner klåre innslag frå Hardanger og samsvar med hardingmålet, og sameleis er det sume drag i setningslæra og ordfylgja (syntaksen). Det

gjeld både i desse fire dikti på hardingmål og i heile forfatterskapen.

Vokalane

I dei fire dikti på hardingmål er det ikkje skilt mellom trong og open uttale av vokalane e og o. Den tronge e-en er merkt av med aksent berre ein gong i inté, preposisjon, men dei fleste dømi er berre skrivne med e: ve, v. i notid (av vilja), De, pron. 2. pers fl.t., sme, hankj.

Døme med -e finn me berre i sume ord og former: væ, stuttform av å vera og i notid æ, mæ, preposisjon, jæte. Dei fleste dømi med æ finn me i bundi form eintal av sterke hokjønnsord og i bundi form fleirtal av inkjekjønnsord, t.d. solæ, leia, i inkjekjønns lombæ, (med u-omlyd av lamb. Sameleis er adj. på -leg som har bortfall av g, skrivne med -æ: greidlæ, endelæ og sulneslæ.

Svarabhaktivokalen (innskotsvokalen) er støtt skriven -e og Hauge brukar berre -er i hokjønns fleirtal.

Runding av e til ø er vanleg i formi røv, hankjønns av rev. Gjønno (gjennom, i samsvar med målformi). Denne målforma finst i fleire vestlandsmål, då oftast med bortfall av -m.

Dei tre vanlege diftongane i norsk er støtt skrivne med dei formene alle kjenner or skriftmålet, au, ei og øy. I hardingmål, vossamål og sognamål er gamalnorsk lang a, å, diftongert (tviljoda) til au, slik at me finn fire vanlege diftongar her. Denne fjerde diftongen skriv Hauge alltid med ao, og dømi er mange: fao, skrao, aotte (av eiga), tao, preposisjon, (av utav), laog (fortid av liggja), Aomund (mannsnamn).

Trong og open o er bae skrivne med o, men dømi med open o er so velkjende at alle kjem til å uttala dei rett lell. Trong vokal finn me i sto, fortid av stå, og no, adv.

Korleis syner Ulvik og Hardanger att i diktingi til Hauge?

I diktet «Sumarmorgon i Ulvik» gjev han eit svært fint bilete av heimbygdi si med aldehygar (frukthagar), grøderikdom og hardt

arbeid, fjorden og fjelli, og han nemner mange stadnamn frå bygdi, t.d. Sotenuten og Hardang, Døgro, Kvasshovd, Hakastad, Brakanes, Angerskleiv og Gauro. Diktet er ikkje prenta opp att i seinare samlingar, kanskje av di det i emne, rim og ordval ikkje fell så godt saman med dei seinare uttrykksformene hjå diktaren. Men i dei andre dikti hans og støyter me jamt på fleire stadnamn frå Ulvik, t.d. Sveig og Sveigsleia...

Mykje av biletrikdomen er henta or naturen og voksterlivet, serleg plantelivet i heimbygdi, og det finn me døme på i alle bøkene. I den fyrste boki er det fleire dikt som har emne frå eller fortel om gammal sed og skikk, t.d. «Eit felehus og ein gamal hatt», «Barnseng» og «Kår», og sume gjev klåre bilete frå folkelivet i det heile, t.d. «Hardingøl» og «Uppskoke». Alle desse dikti fortel mykje om den sermerkte bygdekulturen i Hardanger, men nokre av dei er ikkje tekne med i seinare samlingar.

I boki Olav H. Huges dikting (1964) skriv Idar Stegane nokre ord om ordbruken åt Hauge og slær ned på at språket har ofte vorte vurdert som «arkaisk» og «dialektfarga nynorsk», men held Stegane fram: «Saka er at han først og fremst byggjer på sitt eige bygdemål». Den som har skrivne best og mest utførleg om Hauge og tilhøvet hans til Ulvik og Hardanger, er sunnhordlendingen Einar Økland og vossingen Johannes Gjerdåker. Einar Økland som kjende Hauge godt, og er diktar sjølv og vel kjend med norsk bygdaliv, gjev eit sers skjønnsamt og verdfullt innsyn i diktingi åt Hauge utfrå målbruk og heimstad i innleiingi til «Mange års røynsle med pil og boge» (1988). Hauge les 99 av sine eigne dikt der, og ei liti bok med tekster og ordforklaringar fylgjer med dei to lydkaassetane. Økland kallar stykket sitt «Scenebilde: Ein stad i Hardanger» og han kjem snøgt til at «denne diktinga er skriven på nynorsk og det på ein svært så vestnorsk variant av nynorsk: Ivar Aasen og alle gode vestmenners i-mål. Alle som høyrer diktaren les eller snakkar, skjønar

at han snakkar harding-mål, han er frå Hardanger».

Økland slår fast at «Hardanger» har gitt diktaren språk, haldningar og røynd og «scenen er Hardanger». Seinare skriv han at «Det bildet denne diktinga syner, er eit bilde av Hardanger». Etter ei vurdering av heile diktingi åt Hauge syner Økland til stadnamni, detaljane og livshaldningane i dikti og kor nær Hauge kjende seg knytt til vestnorske nynorske blad før debuten, særleg «For bygd og by». Me kan leggja til at han hadde fleire dikt i Gula Tidend og i sogneblad i trettiåri medan han var i Sogn. Økland seier vidare at plantelivet er ofte omtala hjå Hauge, mest ville vokstrar, og «Kjærleiken til ein stad er ofte kjærleiken til voksterlivet der».

I siste avsnittet skriv Økland om den sjølv lærde diktaren at «til dei svært lærde høyrer Olav H. Hauge». Kvar finn me att den lærdomen? spør Økland, og «Det enkle svaret er at Olav H. Hauge anten har lagt slikt til sides eller har tatt det inn i dikta sine utan at det brikjer i det ytre». Økland samlar framstillingi si i denne sers råkande utsegn: «Den store grunnlinja i denne diktinga har vore ein naturleg solidaritet med heimsleg språk, levemåte og natur som har sett bom for eksotiske, lause eksperiment og individualistisk flukt. Difor er Ulvik så til stades i denne diktinga.» Vidare skriv Økland at «ein må ta seg på tak for å sjå dette, just dette lokale og heimstadnære i denne rike diktinga», Olav H. Hauge fornektar ikkje det han har kring seg og er ein del av». Attåt har diktaren på ein framifrå måte nytta ut den store kjennskapen sin til nynorsk dikting og målbruk i det heile, og han har gjort seg full nytte av det vide innsynet sitt på desse felt, slik at både talemålet og skriftmålet er sameina på meisterleg vis. Hardingmålet fell naturleg inn i all nynorsken hans òg både i ordval og stil, so målbruken hans vert ei lukkeleg sameining av hardingmål og nynorsk norm til føredøme for mange.

Venelaget Olav H. Hauge har sidan vinteren 2017 presentert ein serie med tittelen Mitt Hauge-dikt på Facebook-sida si. Meininga er å la dei som vil, presentera ei lita fortelling om eit Hauge-dikt som er eller har vore viktig for dei. På den måten vil me visa korleis Hauges lyrikk kan gripa inn i kvardagen til folk. Lyrikk kan vera so mykje meir enn opplesingar i spesielle høve.

Det er snakk om små tekstar, ca. 200 ord, pluss sjølv diktet. So langt har det vorte eit par dikt i månaden som har nådd fram til dei over 1500 personane som fylgjer Fb-sida til Venelaget.

Det er ikkje nødvendig å vera registrert medlem på Facebook for å lesa tekstane i Mitt Hauge-dikt. Det er berre å gå inn på denne lenkja: <https://www.facebook.com/groups/274612409260192/>. Det er likevel slett ikkje alle av medlemene som er godvenner med den store nettheimen. I medlemsheftet hausten 2017 presenterte me nokre smakebitar på kva som er å finna i denne serien. Her kjem nokre fleire tekstar.

Unni Solem, innflyttar til Ulvik, fortel om sitt Hauge-dikt.

«Eg flytte til Ulvik i 1987 og kjøpte «Dikt i samling» nokså snart. Ved første gjennomlesing var det svært mykje eg rett og sett ikkje forstod. Men gradvis opplevde eg at dialekta og lynnet til hardingen og til dikteren kom meir inn under huden. Mange dikt har vore kjære, eg har brukt dei i ulike samanhengar, eg har høyrte dikteren lesa sjølv, og eg har vore med i kor og sunge fleire av dei, til tonar av Per Indrehus.

Når eg no skal velja meg eitt dikt, vert det ”Dette er ikkje nokon armods stad”. Det er ei fin skildring av erfaringa eg har hatt med menneske mange gonger gjennom livet. Både privat og i arbeidet mitt som lege

i Hauge si heimbygd, opplever eg gong på gong at eit menneske er meir enn det du ser ved første augekast. Den tilliten eg ofte vert vist som allmennlege, er til å verta audmjuk av. Plutseleg opnar eit menneske opp og inviterer deg inn i sine inste rom for å dela tankar, sorger og gleder, gode eller vonde minne. Og eg oppdagar gong etter gong at dei som eg i mitt universitetsutdanna overmot trudde var ”enkle sjeler”, har djupe tankar og mykje å dela.

Du skal ikkje skoda hunden på håra, heiter det. Olav H. Hauge seier det heldigvis mykje meir poetisk.

Eg har òg hatt ei vond oppleving med diktet: I samband med ei kondolanshelsing brukte eg dette diktet i kortet eg sende. Det vart teke svært ille opp av mottakaren. Så då lærte eg at eit dikt kan opplevast og tolkast ulikt, og at kommunikasjon er ein vanskeleg kunst som me må øva oss på eit heilt liv.

DETTE ER IKKJE NOKON ARMODS
STAD (FRÅ «PÅ ØRNETUVA» 1961)

Dette er ikkje nokon armods stad
ikkje sorgs hus,
ta hatten av fyrr
du gjeng inn.
Du veit ikkje
kvar kjærleik brenn
og ånd
vaker.
Her les ingen.
Her skriv ingen.
Men Gud finn
det sovande
so vel som
det vakande
hjarta.»

Her kjem eit innlegg frå Hallvard Lønøy om eit Hauge-dikt.

«Til alle mine gode med-haugistar: Då eg vart innbeden til å kåra mitt Hauge-dikt, innsåg eg snart at det vart vanskeleg å plukka ut berre eitt av denne rike skattkista. Likevel: Det diktet som står sterkast for meg her og no, er det aller fyrste i den aller fyrste samlinga hans: I DAG OG I MORGON

Dette er for meg sjølv diktar-manifestet. Dette er det han ville med diktinga si. Her opnar han opp hjartet og sinnet sitt til oss som er lesarar og lydarar. Dette er hans utgangspunkt for det han ville dela med oss.

I ”GLØR I OSKA” skriv han enno dikt i bunden form, noko som endra seg fort. Men sjølv om han i byrjinga let ”eld” rima på ”kveld”, peikar det seg alt her ut ein ordval og ei stemning som vi sidan har oppfatta som genuint ”haugistisk”.

Mykje skulle skje i dikteren sitt liv etter debutsamlinga, og sjølv sagt hadde også det innverknad på hans utvikling som diktar. Likevel er ”I dag og i morgon” så umiskjennelig Hauge! Difor har eg teke til meg dette diktet som ein leietråd inn i mitt eige liv. Både i gode og mindre gode stunder.

I DAG OG I MORGON
(FRÅ «GLØR I OSKA», 1946)
Eg er berre ein gneiste
av den store eld.
Og som eg kveiktest i myrkret,
skal eg slokna ein kveld.

Eg er den bylgja som brusar
i denne stund,
med nye fødest og fyllest
og gamle sig i blund.

Eg er det bladde som blakrar
i denne vår.
Du skal skjelva i stormen
eit anna år.

Eg er den vakande, eigande,
det auga som ser.
den dropen som no speglar
himmelens vør.

Eg lever og gløder,
veit ikkje kvi -
Verdi med blommar og kvende
er i dag mi.

Du skal eiga all venleik
på denne jord
når eg longo er burte
og kvorvne mine spor.»

I serien vår flyttar me oss langt av stad, til Colorado i USA, der Jackson Crawford er direktør for Nordiske studiar ved University of Colorado Boulder. Han er den som ser til at alle me som har godhug for dikta til Olav H. Hauge, kan møta eit nytt dikt på Facebook-sida Olav H. Hauge (<https://www.facebook.com/Olav.H.Hauge/>), og det kvar dag.

Her presenterer Crawford sitt Hauge-dikt. «Når me skal tala til andre, står det to vegger mellom oss og dei: vår munn og deira øyro. Bakom vår eigen vegg kjenner me kanskje til ei sanning som ikkje kan hoppa over veggen til den andre, ei sanning som kunne (kan henda) vera for tung og landa med skade, eller for lett og flyga bort når me prøver å kasta henne over. Med dette diktet viser Olav H. Hauge kunnskap om korleis me lyt tala til kvarandre, medviten om at heile sanninga ikkje alltid er dei orda som grøder, eller lærer. Kven etter Tor kunne tora å drikka heile havet i ein gulp? Dette diktet har vore favoritt diktet mitt av Hauge i mange år.

KOM IKKJE MED HEILE SANNINGI
(FRÅ «PÅ ØRNETUVA», 1961)

Kom ikkje med heile sanningi,
kom ikkje med havet for min tørste,
kom ikkje med himmelen når eg bed um ljøs,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom,
slik fuglane ber med seg vassdropar frå laug
og vinden eit korn av salt.»

Turen har kome til Randi Jåstad; ho er tidlegare leiar i styret for Venelaget Olav H. Hauge, og her skriv ho om sitt dikt.

GJER EIN ANNAN MANN EI
BEINE (FRÅ DIKTSAMLINGA
”SEINT RODNAR SKOG I
DJUVET” FRÅ 1956)

Han kom or fjellet, skulde heim,
fekk føring ifrå Osa
ut til Øydvindstø.
Og han var raust
og baud betal.

Men Osamannen
var ikkje fal.
Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.
So gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen,
og skauv ifrå.

Eit samfunn, stort eller lite, kan klara seg lenge med den enkle leveregelen som ein finn i dette diktet.

Det er kvar sin gong å trengja hjelp, og ein veit aldri kva tid ein sjølv kan koma i naud. I dag spør mange «What’s in it for me?» når

noko skal gjerast på jobben, i burettslaget eller elles i samfunnet. Individualisme og egoisme styrer mykje av åtferda vår. Difor treng vi kanskje dette diktet som døme på korleis ein kan tenkja annleis. Diktet kan og lesast opp mot det som blir kalla «den gylne regelen»; «Gjer mot andre det du vil andre skal gjera mot deg».

Eg likar godt forma på diktet. Det er eit episk dikt, dvs. eit dikt som fortel ei historie i verbtida preteritum. Det seiest at diktet er laga ut frå ei reell hending i Ulvik. Diktet er stadfesta, hovudpersonen ikkje namngitt, men geografisk plassert i Osa. Den første strofa skisserer den ytre handlinga. I andre strofa får dialogen mellom dei to personane mest plass. Livsvisdomen er plassert heilt til slutt. Diktet minner meg om norrøn litteratur; hoggande enkle setningar, ingen utfyllande skildringar, rett på sak.

«Ei beine» er nesten borte frå daglegspråket no, og det kan kanskje hindra bodskapen i å nå fram til yngre lesarar. Likevel, diktet kan formidlast med ei lita, enkel ordforklaring. Heile livet treng me oppseding og danning. Difor vert dette diktet aldri utslite eller umoderne.

MAKTER OG MENNESKE

Halldor O. Opedal: *Makter og menneske.*

Folkeminne frå Hardanger. VIII. (Norsk Folkeminnelag) 1954.

Dette er åttande bandet av «Makter og menneske», og Halldor O. Opedal har dermed nett same talet som Johs. Skar, sjølvleis meisteren millom norske folkeminnesarar. «Gamalt or Setesdal» er òg på åtte band. Men det er ingen grunn til å tru at Opedal sluttar enno, han er ingen gamal mann og har visseleg meir å gjeva.

I dette bandet tek han fyrst for seg grendaskipnaden. Han fortel om kor grendi vart til og kva som batt henne saman. Grendingane delte både sorg og gleda, det var fast at alle skulde bedast i brudlaup og

gravferd. Kom nokon i beit, fekk han hjelp; det var ikkje trygder å lita på før. Hadde nokon storarbeid for seg, kom dei saman til dognad; elles kunde dei ha ymse semjor og sambruk seg imillom, som stolar, løytestut og smalasanking. Til å stå for styringi hadde dei sume stader grendakongar; dei vart valde for eit år, men det hende dei tok seg til, og sat då gjerne med valdet so lenge dei levde. Etter denne ålmenne utgreidingi tek han for seg alle grendene i Hardanger, slik dei var kring 1900, segjer kva gardar som hørde saman, nemner folketal og anna.

Stort set grendene som dei var då, berre på tettbygde stader kan dei ha løyst seg upp.

Frå grendaskipnaden gjeng han yver til å fortelja um livet i grendi: grannaskap, grendastrid og bygdastrid, kva ungdomen tok seg til i fritidi, bygdafolk og «dei store» og meir slikt. Sers forvitneleg er bolken um umgjenge og tenkjemåte, ættarkjensla og livssyn, det same gjeld bolken um spel. Fela kjenner me, men fæ veit noko større um langeleik og munnhorpa, fløytor, buk kahorn, langelur og slike uskyldige instrument som halmpipor og pistor. Til det han fortel um langeleiken vil eg nemna at i samlingane på Bu er ein frå Ulvik, den ser det ikkje ut til han veit um.

Resten av boki - yver halvparten - er um husmennene. I bygdebøkene til Olafsen er ikkje dei tekne med i gardssoga, der dei med retten høyrer til. Laberg har med husmannsplassane i sine bøker frå Sogn. Det er difor gledeleg Opedal har kome dei i hug, dei fortener det. Fyrst greider han ut um plassnamn, feste, jordveg og hus, fødnad, kva skyldnad og rettar husmannen hadde, og kor levekåri kunde vera. Dette kastar han so meir ljøs yver med forteljingar um einskilde husmannsfolk, stutte livssogor kunde ein kalla det. Det vert andre si sak å skriva um kvar plass og dei husmennene me veit har butt der.

Halldor O. Opedal nyttar lite skriftlege kjeldor, det kan vera til stytte no og då; fyrst og fremst spør han ut litande folk og let dei fortelja eller fortel att etter dei. Alle desse hermor og drag feller han inn i heils-

lege framstillingar av emni; me ser tilhøvi som bygdafolk såg dei, med granskaren samstundes skøyter til og rettleider. Han brukar vanleg nynorsk,- men alltid ord og vendingar dei vilde bruka i bygdene her, råkande hermingar er gjevne att med ljodskrift. Mange av ordi vil vel sjølv hardingar ikkje kjenna, det kan vera ord som er gjengne or bruk eller ord som berre er brukte i ei bygd. Stundom kan ein sakna gode ord; i stykket um ungdomsmoro fortel han um ymse tak i dragsmål og nemner a r m a s l e t t a, men ikkje um r y g g j a k n e p p a; han segjer *dei gjekk på tusko, gå på strøk* var vel like vanleg.

Kinck har for alltid lyft Hardanger inn i norsk bokheim, og me lyt finna oss i at dei hine i landet ser oss gjenom hans brillor, det er ingen ting å gjera med det; Gro Holm stræva heller ikkje so hardt med å visa oss betre enn me er. Ikkje for det at eg vilde dei skulde skrive onnorleis. Kor me er eller ei – her har vore mykje å finna. Det er lenge sidan Blind-Anna fortalde til Jørgen Moe. Og endå til i vår tid har Opedal kunna samla dei skattar han har gjort. Men det er i siste liten; dei gamle som kan noko, fell ifrå etter kvart, og ungdomen har hovudet fullt av film og sport og romskip, og lyder ikkje etter det gamalt folk fortel. Me skynar lite kva me skuldar Halldor O. Opedal. Ingen harding har gjort mætare arbeid.

Olav H. Hauge

Hordaland, 26. februar 1955

Side um side. Uven, ven, med gras
imillom bringebein; valmuor skin
i augneholor, rusta våpen grin,
til alt er gøymt under kjørr og kvas.

No har dei fred. Det skil kje lenger dei
kvar grensa gjeng, um rett eller urett vann.
Og dødens løyndom flakkar yver tann
frå stundi dei på eigi grense streid.

Eg ser dykk, beinmenn, frå Koreas jord,
skrymta som skuggar bak eit tingingsbord,
der din død, bror, er bos i planlagd bragd.

Ordlaus er døden, berre eit bleikt grin
i statsmenns kalde medvit. Domen din
er stempla, underskriven – burt lagd.

(Frå *Seint rodnar skog i djuvet*, 1956).

Koreakrigen, 25. juni 1950–27. juli 1953,
enda med våpenkvild, og det er endå ikkje
skrivne nokon fredsavtale. Krigen held
på framleis, i alle fall verbalt. Ordkrigen
mellom Kim Jung-un og Donald Trump har
dundra og bråka som militæraksjonen gjorde
på slagmarka for godt og vel 65 år sidan.
I vår er tonen mindre fiendsleg, dei snakkar
om å møtast i juni.

I 1948 vart det oppretta to koreanske re-
publikkar, då det ikkje hadde lukkast å sam-
la den nordlege og sørlege delen av Korea
til eitt land. Dei amerikanske og sovjetiske
okkupasjonstroppane trekte seg ut i 1948. I
nord hadde russarane bygt opp ein hær på
135 000 mann. Sør-Koreas hadde ein noko
mindre hær på 98 000 soldatar. I 1950 gjekk
Nord-Korea til åtak på Sør-Korea.

Kina og Sovjet-Unionen støtta Nord-
Korea, ein FN-styrke leia av USA støtta
Sør-Korea. Dette var ein krig ingen av
stormaktene kunne vinna utan å setja heile
verda i brann.

Olav H. Hauge ser krigen bokstaveleg
tala frå grasrotnivå. Graset veks gjennom
beingrinder etter døde soldatar frå begge

sider i krigen. Mellom dei ligg rusta våpen,
og dei blir liggjande der til dei er gøynde
av krattet som gror, nei, endå lenger. Still-
ferdig skildrar han krigens gru.

Dei falne har fred, sjølv om krigen endå
ikkje er avslutta.

Så fører dikteren inn ein eg-person, som
er tilskodar og kommenterer krigens gru og
dynamikk. Restane av dei falne er skrymt
bak tingingsbordet, men dei høge herrar
som har noko med det, vyrder ikkje solda-
tane det minste. Dei er berre bos, litt rusk på
det heltebiletet som sigerherrane vil teikna
av seg sjølv.

Dei døde kan ikkje bera fram sitt syn og
fortelja kva dei har opplevd. Dei høge herrar
er heller ikkje interesserte i å høyra deira
soge, sjølv om det var dei som måtte tola
krigens gru og redsle.

Dikteren har ikkje mykje til overs for tin-
gismennene, dei opptre som statsmenn
med eit kaldt medvit.

I dette vesle diktet får Olav H. Hauge
fram noko av det vesentlege i krigens ves-
sen: Dei som er ute i felten og ofrar livet, dei
er ingenting verde når det kjem til stykket.
Dei er brikker i det store spelet mellom dei
mektige. Eller bruksting. Stridskapasitet
heiter det visst når det vert for ubehageleg å
seia sanninga med forstålege kvardagsord.
I krigen har ikkje menneskeverdet nokon
nemmande verdi.

I tusenvis av år har menneskeætta prøvt
å løysa interessekonfliktar med å ta livet av
kvarandre. Sant å seia, det er både brutalt
og skammeleg. Det er sjeldan ein veg til
varig fred.

I vår tid er me heller ikkje komne så my-
kje lengre. Dei store som styrer verda, raslar
med våpen og trugar kvarandre.

Bodskapen er som før: «... din død, bror,
er bos i planlagd bragd.»

Det er alltid slik at sigerherrane skriv
soga om krigen, i alle fall i næraste tida et-

terpå. Då er det kampen om sanninga det
står om. Ord er eit mektig våpen. Når et-
termålet skal formast, er ikkje bomber og
kuler brukande våpen.

Då har verdshistoria bruk for folk som
har augo å sjå med og evne til å oppfatta
og fortelja kva som faktisk hende. Historia
treng skarpøygd diktarar som skjønar kva
mektige folk held på med. Dei mektige er i
mange tilfelle meir opptekne av sine per-
sonlege interesser enn å styra verda til beste
for menneskeætta.

OMSETTE DIKT

Olav H. Hauge omsette mange dikt frå andre språk til norsk. Her er nokre døme.
(Frå *Hand grip hand i svevne*. Noregs Boklag 1978)

Robert Bly: *Seks vinterdikt frå hytta*

- 1
Ved firetidi nokre snøflokke.
Eg tømmer tekanna i snøen,
kjenner biv av glede i kuldefrisken.
I kveldingi vind,
gardinone på sørsida svagar mjukt.
- 2
Hytta har tvo rom. Eg brukar eitt.
Lampeljoset fell på stolen og bordet
og brått er eg inne i eit av mine eigne dikt –
eg kan ikkje segja kvar –
som um eg kom til synes der eg no er,
på våt mark, i fallande snø.
- 3
Fedrane fell ifrå, dag for dag.
Det er tid for sønene.
Flekker av myrker samlar seg rundt dei.
Myrkret kjem som ljøsflokkar.

Olav H. Hauge skriv om krig i dagboka
20. mai 1982:

«Krig. Falklandsøyane. Kven set i gang
slikt? Ei handfull politikarar. Som kynisk
ofrar unge liv for sine formål. Dersom desse
menn var pliktige til å våga liv, vilde dei
kanskje tenkt seg betre um. Soleis var dei
gamle kongane ærlegare, dei gjekk sjølv
fyrst i striden.»

- 4
Sitja åleine
Det finst einsemd som svart jord!
Som eg sit i myrkret og syng,
kan eg ikkje segja um denne gleda
kjem frå kroppen eller sjeli eller ein tredje
stad.
- 5
Lyda på Bach
Det er einkvan inni desse tonane
som ikkje fullgodt kan skildrast med namni
til Jesus eller Jehova eller Herren yver hær-
skarane!

- 6
Då eg vakna, var det kome meir snø.
Eg er åleine, men einkvan annan er hjå meg,
drikk kaffi, skodar ut på snøen.

«Ordsките» er tema for Poesifestivalen i Ulvik 7.–9. september. Då kjem ei rekkje kjende poetar. Mellom dei er Cecilie Løveid, vinnar av både Brageprisen og Kritkarprisen. Tone Hødnebo har og lova å koma. Ho vann Gyldendalprisen i år, like eins Vindtornprisen i april i år og ei lang rekkje prisar opp gjennom åra. Ho er ein omtykt og mykje lesen poet. Dikta hennar er omsette til ei rekkje språk. Utanom egne dikt har ho også gjendikta Emily Dickinson.

Knut Ødegård er ein annan veteran i norsk poesi som kjem til Poesifestivalen. Han er m.a. kjend for diktsamlinga *Tida er inne*. Han har gitt ut om lag 45 diktsamlingar og attdiktingar. Siste året har han fått mykje ros for arbeidet sitt med Edda-dikta, som han har gjendikta til nynorsk.

- Eg er glad for at så mange store poetar kjem til festivalen, seier Geir Netland, som er dagleg leiar ved Hauge-senteret. Dei godt kjende poetane har fått lov til å invitera med seg ein ung poet som dei vil presentera på festivalen. Knut Ødegård har med seg Øyvind Rangøy, ein ung og lovande poet, som nyleg vann ein pris for arbeidet sitt.

Cecilie Løveid har invitert Bendik Vada, som debuterte i fjor med samlinga *Vak*. Saman med Tone Hødnebo kjem Juliane Rui, ho debuterte i 2011. Den nyaste samlinga hennar kom i 2017 og heiter *Aude, så rørsle kan synast*.

Dessutan kjem dei ei rad andre poetar, som vil bidra til å kasta lys over temaet «ordskite». Tanken er å prøva å sjå det frå ulike synsvinklar. Poetane skal samtala om poesiens plass og rolle i det offentlege ordskiftet.

Jan Inge Sørbø er professor ved Høgskulen i Volda. Han har nettopp gitt ut Nynorsk litteraturhistorie. På festivalen vil han snakka om lyrikken i litteraturhistoria. Det gjer han m.a. i samtale med artisten Herborg Kråkevik. Ho skal og lesa dikt.

Stipendiat Øystein Hide er i gang med eit doktorgradsarbeid om Olav H. Hauge og den nynorske dagboktradisjonen. Han skal samtala med Eirik Vassenden, som er professor i nordisk litteratur ved Universitetet i Bergen.

Det er 100 år sidan Hans Børli vart fødd. Låtskrivar Eirik Lukashaugen med band kjem til Poesifestivalen, like eins Ole Paus.

Det blir og konsert med Herborg Kråkevik, som skal framføra tekstar av Kolbein Falkeid. Han kjem, og forfattaren sjølv les nokre dikt.

Kjartan Fløgstad har gitt ut songboka *Sandharpesongar*, nokre av songane skal framførast.

På søndagen blir det sett punktum for festivalen med konserten «Tidekverv» i Ulvik kyrkje. Berit Opheim og Benedikte Maurset har skriva musikken til tekstar innanfor balladetradisjonen.

TILGANG TIL BOKLISTA FOR BOKSAMLINGA ETTER OLAV H. HAUGE *av Olav Ljones*

Som kjent gav Bodil Cappelen boksamlinga etter Olav H. Hauge til Ulvik herad, som skipa Hagestiftinga, som eig boksamlinga. Etter dette vart Hauge-senteret skipa i det gamle heradshuset på Brakanes. Der er det Hauge-museum og senter, og boksamlinga er samla og utstilt i disse lokala.

For at interesserte skal kunne danna seg eit inntrykk av kva Olav H. Hauge hadde i boksamlinga si, er katalogen no elektronisk tilgjengeleg.

Det betyr at alle som vil søkje på titlar i Hages boksamling, kan gjere det her;

<http://ulvik-fb.mikromarc.no/mikromarc3/search.aspx?Unit=14876&db=ulvik-fb&SC=FT&SW=%25&LB=FT&IN=&SU=>

Bøkene er sjølvsaft ikkje tilgjengelege for utlån. Spørsmål om bruk av boksamlinga vidareformidlar biblioteket til dokumentasjonsansvarleg på Hauge-senteret, Stein A. Hevrøy

MEDLEMPENGAR

Det er kostar ein god del å senda brev med innbetalingsblankett til alle medlemene i venelaget. Styret vonar at så mange som råd betaler årspengane utan at me treng senda brev til kvar einskild medlem.

Det kan gjerast enkelt og greitt ved å betala kr 250 til Venelaget Olav H. Hauge, v/ Anders Oppheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

Kontonummeret er: 3450 30 01960.

Hugs å skriva på namn og adresse til den medlemen betalinga gjeld! Med det same: Venelaget vil svært gjerne ha e-postadresse til så mange medlemmer som råd. Då kan me enkelt og utan nemnande kostnad halda kontakt med medlemene. Send e-postadressa til post@venelagethauge.no.

Takk for hjelpa!



Bodil Cappelen og Olav H. Hauge.

Åtti år har gått sidan Olav H. Hauge leverte sitt første manuskript til diktsamlinga Seljefløyta til Olaf Norlis Forlag. Den gongen vart samlinga refusert. Dikta var gode, men knapt uvanlege, meinte forlagsredaktøren og sa nei takk til å gje dei ut.

Men i vår kom Seljefløyta i bokhandelen, vakker og nytrykt. Bodil Cappelen, enkja etter Olav H. Hauge, har plukka ut 25 dikt frå det opphavlege manuskriptet til Seljefløyta og funne 18 andre dikt som poeten etterlét seg og sett dei saman til ei ny bok. Desse er skrivne over lang tid, i perioden 1940 til 1979 og som ikkje har kome med i tidlegare samlingar.

"Seljefløyta er eit storhende i norsk lyrikk", skreiv Ronny Spaans då han melde boka i Dag og Tid i mars i år.

"Det blir den siste boka frå mi hand", seier Bodil Cappelen. Ho har gitt ut fleire bøker om mannen og diktinga hans.

Den refuserte Seljefløyta skreiv Hauge i ein vanskeleg periode av livet sitt, etter at han var skriven ut frå ein lengre periode som pasient på Valen Sjukehus. Dikta er ljose i tonen, og det er ein livsglad diktar som stig fram.

Diktet Seljefløyta som kom med i den første utgåva, Glør i oska, var med i samlinga som Olaf Norli ikkje ville gje ut i 1938. Det diktet er heller dystert i tonen, eg-figuren spikka ei seljefløyte ein vakker vårdag.

Eg fann ein seljerunne ein dag eg hogg ned mork, og skar ei vakker fløyte av grøn og savgul bork. Det var so fin ein vårdag, eg minnest endå godt eg sette meg i urdi og bles ein liten slått.

Um kjærleik, kan eg tenkja, um liv og død og slikt som kjem i unggut-hugen i draumar og i dikt. Og ljose voner leika, men lell var hugen sår, for eg var sjuk og usæl og berre femtan år.

Det græt ei seljefløyte i vårgrøn markalid, og denne ljoden plistrar i hugen all mi tid. Som smågut bles eg fløyte, no har eg alle ord, men maktar ikkje tolka mi sorg og sut på jord.

Tankane går til ein ung mann som er «full av uopplevet kjærlighet», men har ikkje fått til livet sitt slik han drøymmer om. Seljefløyta græt, ljoden plistrar og guten maktar ikkje tolka si store sorg. Denne ungdomen har det ikkje godt.

Ifølgje dagboka sende Olav H. Hauge 60 dikt til Olaf Norli i 1938. Altfor mange, skriv han i dagboka.

Etter at han fekk dikta i retur, sende han nokre av dei, eitt om gongen, til nynorske blad, som det var mange av den gongen. Bladstyrarane tykte vel om dikta og sette dei på trykk.

Etter at Olav H. Hauge var død, leverte Bodil Cappelen kassar med utrykte dikt til Bergen Bibliotek. Av denne samlinga har ho plukka ut 18 dikt og lagt den opphavlege samlinga til Seljefløyta.


- Eg har plukka ut dei beste, og har teke dei med i den rekkjefølgja dei vart skrivne, fortel Bodil Cappelen.
- Korleis skil desse dikta frå 1938 seg ut frå dei som seinare kom med i diktsamlingane?
- Dei var skrivne i 1930-åra etter at Olav kom heim frå om lag tre år på Valen sjukehus. Dikta er prega av sprudlande glede over naturen og dei heimlege blømande bakkar, då alt sprang ut i blom.
- Og stilen er annleis enn i samlinga Glør i oska, som kom i 1946. Mange spør om kva Olav gjorde i krigsåra då han ikkje skreiv noko i dagboka. Då skreiv han dikt til samlinga Glør i oska. Dei er noko ulike dei som var med i Seljefløyta, der er det ikkje så mykje naturskildring.

Dikta i den nye Seljefløyta har ikkje vore trykte tidlegare. Etter at Glør i oska kom ut i 1946, slutta Olav H. Hauge å senda dikt til blad og aviser, så sant ikkje nokon bad om det. Dikta han arbeidde med, tok han vare på til ei komande samling.

- Og interessa for Hauge-dikta er framleis på topp?
- Det veit eg ikkje sikkert. Men etter gode meldingar, m.a. i Dag og Tid, trur eg nok mange vil sikra seg denne nye boka.

Bodil Cappelen har tidlegare gitt ut Tanke og draum er himmelsk køyrety. Det er eit utval frå dagboka Olav H. Hauge skreiv. Ho har òg gitt ut Det er den draumen, ei samling med 54 utvalde dikt. Saman med Olav H. Hauge gav ho ut barneboka ABC i 1986. I 1996 kom Brev 1970–1975, eit utdrag av mange års brevveksling mellom Bodil Cappelen og Olav H. Hauge.

Når Olav H. Hauge skulle lesa opp dikt, tok han dikta med seg på lause ark og putta dei i innerlomma. Han likte ikkje å ta med seg bok opp på scenen.



Haugevenene får no ei ny diktsamling å gle seg til å lesa og leita etter opplevingar og oppdaga nye sider ved poeten frå Ulvik. Dei siste skal bli dei første, heiter det. Her kan me snu på ordtaket og seia at dei første dikta han prøvde å få gitt ut, blir venteleg dei siste som kjem fram til den store lesarhoppen. Sjølv hadde han tenkt at Seljefløyta skulle verta debutboka hans, men slik gjekk det ikkje. Ho vart den siste, så sant ikkje nokon vil gje ut dikt han skreiv, men som til no har vore valde bort når dikt skulle plukkast ut til ei ny utgåve. Endå finst det mange dikt i samlinga på Bergen Bibliotek som ikkje er utkomne i bok.

Seljefløyta er eit sjølvstendig verk, ikkje eitt nytt utval av dikt frå tidlegare utgjevingar.

Returadresse: Magne Velure, Bryggerigata 5A, 2609 Lillehammer



Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2016–2018

Leiar: Olav Ljones - ola-lj@online.no

Styremedlemer:

Magne Velure - jakobvelure@gmail.com

Marit Hafting - marit.hafting@uni.no

Sjur Tjelmeland - sjur.tjelmeland@knett.no

Astrid Kløve-Graue - akg@avisa-hordaland.no

Varamedlemer:

Grete Skarpeid

Torbjörg Austrud

Kasserar: Anders Kristoffer Oppheim - andersko@ulvik.org

Eller kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no eller ola-lj@online.no

Medlemspengar, kr. 250,- betaler du til konto 3450 30 01960

v/kasserar Anders Kristoffer Oppheim. Hugs avsendarnamn!

Redaktør for medlemsheftet: Sjur Tjelmeland

